



# Årsmelding 2002

Sogn og Fjordane Energi AS  
Ytre Fjordane Kraftlag AS



# Innhald

## Det nye konsernet

Innleiing og føremål .....	3
Konsernsjefen har ordet .....	4
Organisasjon og selskapsstruktur ...	6

## Sogn og Fjordane Energi AS

Styret si melding .....	9
Resultatrekneskap .....	16
Balanse .....	17
Gjeld og egenkapital .....	18
Kontantstraumanalyse .....	19
Rekneskapsprinsipp .....	20
Notar til rekneskapan .....	22
Resultat pr. resultateining .....	32
Nøkkeltal .....	33
Revisjonsmelding .....	34
Verdirekneskap .....	35

## Ytre Fjordane Kraftlag AS

Styret si melding .....	37
Resultatrekneskap .....	42
Balanse .....	43
Gjeld og egenkapital .....	44
Kontantstraumanalyse .....	45
Notar til rekneskapan .....	46
Rekneskapsprinsipp .....	46
Nøkkeltal .....	53
Revisjonsmelding .....	54
Verdirekneskap .....	55

## Innleiing

Sogn og Fjordane Energi AS blei etablert som eit nytt kraftkonsern frå 01.01.2003, etter ein fusjon av selskapa Sogn og Fjordane Energi AS, Ytre Fjordane Kraftlag AS, Gloppen Energiverk AS, Firdakraft AS og Eid Energi AS.

SFE-konsernet driv produksjon, overføring og omsetnad av elektrisk energi i dei tre heileigde dotterselskapa SFE Produksjon AS, SFE Nett AS og SFE Kraft AS. Konsernet leverer også breibandtenester gjennom dotterselskapet Firdanett AS.

## Føremål

Selskapet sitt føremål er produksjon, omsetning og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette.

Verksemda kan også drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre selskap med tilsvarande føremål.

Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap når dette er eigna til å styrkje hovudføremålet eller fører til meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.

Selskapet skal drivast på forretningsmessig basis med vekt på langsiktig verdiskaping for eigarane.



## Konsernsjefen har ordet



Fjoråret vart eit spesielt år på mange måtar. Energibransjen hadde eit sterkt fokus på seg, spesielt i andre halvår av 2002. Kraftprisane nådde stadig nye rekordhøge nivå, verken kundane eller energibransjen var førebudde på den svært raske prisstiginga. Nokre selskap gjekk konkurs under denne perioden, og kundar tapte dessverre pengar på dette. Kraftmarknaden viste seg risikofull, både for energiselskapa og kundane. Eg er glad for at vi i SFE-konsernet har eit langsiktig fokus og er ein solid og trygg leverandør for våre kundar. For å lukkast i kraftmarknaden må vi heile tida vere konkurranse-dyktige, men vi må også vise at vi kan bere den risikoen kraftmarknaden inneber.

I nesten hundre år har vi vore i teneste for samfunnet rundt oss. Saman står vi godt rusta til å møte framtida.

Vi har både kompetanse og økonomisk styrkje til å ta på oss store oppgåver, slik vi har gjort det mange gongar opp gjennom historia. Kjerneverdiane våre er derfor «kraftfull, nyskapande med lokale røter» for konsernet vårt, og dette vil vi leve opp til.

SFE arbeider både praktisk og strategisk med å skaffe meir energi. Gjennom opprusting av eksisterande kraftproduksjon og utnytting av ny vasskraft, er SFE-konsernet i stand til å skaffe ny tilgang på rein og fornybar energi tilsvarende forbruket i 30.000 heimar. Realisering av denne nye krafta vil vere eit stort løft for konsernet, men svært viktig for den lokale verdiskapinga i regionen. Vi håpar at sentrale miljø og styresmaktene følgjer opp sitt ansvar, og at desse utbyggingane kan bli ein realitet i nær framtid.

Store industribedrifter og institusjonar i fylket vårt har også behov for alternativ energi. Bruk av naturgass har mange fordelar, og vil vere positivt for konkurransevne til desse. SFE-konsernet ser derfor på distribusjon av naturgass i regionen vår som eit eige forretningsområde.

Den elektriske energien må overførast frå produksjonen via kraftnettet til kundane. Det er eit krav at kraftnettet skal gje ei trygg og stabil forsyning, og samstundes skal kostnadene med dette vere rimelege. Vi har derfor ei stor oppgåve i kraftforsyninga til den spreidde busetnaden i regionen vår. Utfall viser kor sårbart og avhengig samfunnet er blitt av kraftforsyninga. Vi veit vi har stor tillit, og vi vil heile tida ta ansvar og gjere vårt beste for å kunne leve opp til desse forventningane.

Samfunnet krev meir enn energi. Mange bedrifter, institusjonar og privatkundar er i dag også avhengig av god datakommunikasjon. SFE-konsernet har gjort mange løft for å etablere breibandsamband i regionen vår, og mange arbeidsplassar er i dag heilt avhengig av denne datakommunikasjonen frå oss. Breiband er viktig for å oppnå konkurransevne og lokal verdiskaping. Breiband vil derfor vere eit framtidig satsingsområde

Selskapa som no er innlemma i det nye SFE-konsernet fekk eit godt resultat i 2002. Samla vart resultatet på 82 millionar kroner etter skatt. Eigarane av konsernet forventar at fusjonen skal gje grunnlag for endå betre resultat i framtida, slik at våre eigarar får ei god avkastning på sine verdier i konsernet. For å nå våre resultatmål er vi avhengige av å dra det beste ut av den erfaring og kompetanse våre tilsette i konsernet har, samstundes som våre tekniske anlegg må utnyttast optimalt. Med den innsats, fleksibilitet og stå-på-vilje dei tilsette har

vist i fjoråret og under ein lang fusjonsprosess, så er eg trygg på at vi saman skal kunne byggje ein god bedriftskultur i konsernet.

Viljen til å sjå framover skal prege SFE-konsernet. Vi skal vere «nær» kunden og lytte til kunden. Det betyr at konsernet må endre seg i takt med krava i samfunnet rundt oss. Utvikling av nye forretningsområde gjer at konsernet vert meir enn eit produksjons- og nettselskap. Framtida viser vegen mot eit konsern for energi og infrastruktur. Dette skal prege våre framtdisvisjonar.

Eg ønskjer dei tilsette, det nye konsernstyret og dei nye styra i dotterselskapa lukke til i det som blir eit spennande og viktig arbeid i åra som kjem – både for oss, lokalsamfunnet og våre eigarar.



# Organisasjon og selskapsstruktur

## Konsernleiinga



Produksjonsdirektør  
**Ola Lingaas**



Kraftdirektør  
**Jarle Birkeland**



Konsernsjef  
**Ole Schanke Eikum**




Økonomidirektør  
**Ingolf Aagård**



Konst. nettdirektør  
**Asle Svein Grotle**

## Konsernet SFE



### Eigarsamansetninga i det nye konsernet:

Sogn og Fjordane fylkeskommune	47,76%
BKK	38,51%
Flora kommune	4,71%
Gloppen kommune	3,33%
Bremanger kommune	2,51%
Askvoll kommune	1,50%
Selje kommune	1,45%
Eid kommune	0,15%
Naustdal kommune	0,08%

### Konsernstyret:

Styreleiar	Arvid Lillehauge	Valt av S. & Fj. fylkeskommune
Nestleiar	Birger C. Schønberg	Valt av BKK
Styremedlem	Knut M. Olsen	Valt av S. & Fj. fylkeskommune
Styremedlem	Mathias Råheim	Valt av S. & Fj. fylkeskommune
Styremedlem	Kristin Linnerud	Valt av BKK
Styremedlem	Bente Frøyen Steindal	Valt av kommunane
Styremedlem	Ragnar Andenæs	Valt av dei tilsette
Styremedlem	Vidar Solvang	Valt av dei tilsette
Styremedlem	Odd Eide	Valt av dei tilsette

## Nøkkeltal og tilsette


Det nye SFE-konsernet har om lag 200 tilsette, ei omsetning på ca 500 millionar kroner og ein eigenkapital på nærare 1.200 mill. kroner. Konsernet er den største energileverandøren i Sogn og Fjordane og mellom dei store kraftselskapa på Vestlandet. Konsernet består av av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei fire dotterselskapa SFE Produksjon AS, SFE Kraft AS, SFE Nett AS og Firdanett AS. Vi har valt å skilje ut våre forretningsområde i egne aksjeselskap for å tydeleggjere at desse kvar for seg er prioriterte satsingsområde med fokus på å skape optimal tenestelevering til kunden og optimale resultat for konsernet. Konsernet leverer også energirådgeving gjennom selskapet Vestnorsk Enøk AS.

## Du ser oss overalt...

SFE sine tenester er nødvendige for vekst og utvikling i fylket vår. Derfor er vi også eit selskap som er til stades overalt i fylket: Kraftstasjonar og kraftleidningar gir lys i heimen, straum til bedriftene og breiband gjev kraft og fart til datamaskina! Du ser våre tilsette som er ute i all slags vêr for **deg**. Du ser logoen på bilane våre, på bygningar, på skilt og i annonser... og på brev du får i posten! SFE skal vere eit opent, positivt og kundevennleg selskap; eit «synleg» selskap. Det er derfor du ser oss overalt.

## Lange tradisjonar – og kraft i framtida

SFE sine forløparar har historie tilbake til 1908 – då elektrifiseringa av bygdene starta i vårt fylke. Tufta på lokale fornybare energikjelder blei kraftselskapa kanskje den viktigaste drivkrafta for næringsutviklinga i fylket vårt. Eit slikt ansvar krev sterkt kundefokus, og med det vilje til å sjå inn i framtida.





## Morselskap og dotterselskap

### Morselskapet – Sogn og Fjordane Energi AS

Morselskapet leverer fellestenester til selskapa i konsernet innan økonomi, IKT, administrasjon, eigdom og personal. Det er 44 tilsette i morselskapet. Adm. dir i morselskapet og konsernsjef er Ole Schanke Eikum.

### Dotterselskap i konsernet

#### SFE Produksjon AS

I SFE Produksjon skjer all kraftproduksjon i konsernet. SFE Produksjon står for teknisk drift og vedlikehald av konsernet sine 10 kraftstasjonar, samt 3 kraftstasjonar leigd av Gloppen kommune. Alle stasjonane hentar energien frå rein fornybar vasskraft. Mange av stasjonane er også sertifisert som «grøn energi». Totalproduksjonen er 1.300 GWh. SFE Produksjon står for planlegging av nye vasskraftprosjekt. Selskapet har 35 tilsette og ein omsetnad på 243 mill. kroner. Produksjonsdirektør er Ola Lingaas.

#### SFE Kraft AS

SFE Kraft omset både konsernet sin eigen kraftproduksjon og kraftproduksjon frå andre selskap/småkraftverk. Totalt omset SFE Kraft 1.700 GWh. Selskapet sel også kraft til sluttbrukarar, både private kundar og næringskundar. SFE Kraft leverer totalt 550 GWh til om lag 26.000 kraftkundar. Selskapet har 23 tilsette og ein omsetnad på 280 mill. kroner. Kraftdirektør er Jarle Birkeland.

#### SFE Nett AS

SFE Nett overfører den elektriske energien mellom kraftproduksjonen og sluttkundar. SFE Nett driftar og byggjer ut sentralnettet og regionalnettet i regionen, og høgspenn og lågspenn distribusjonsnett i 7 kommunar: Askvoll, Flora, Bremanger, Vågsøy, Selje, Eid og Gloppen. SFE Nett har om lag 21.600 nettkundar. Samla utstrekning på nettet er 3.500 km. SFE Nett eig og byggjer ut breibandinfrastruktur i regionen. Selskapet har 104 tilsette og ein omsetnad på 168 mill. kroner. Konstituert nettdirektør er Asle Svein Grotle. Asgeir Aase er tilsett som nettdirektør frå 01.08.03.

#### Firdanett AS

Firdanett leverer breibandtenester i kommunane Gloppen og Eid. Firdanett eig, driftar og byggjer ut breibandinfrastruktur i desse kommunane og har 60 bedriftskundar og 130 privatkundar. Det er 3 tilsette i Firdanett og omsetnaden er på kring 2,5 mill. kroner. Dagleg leiar er Rune Haukebø.



# Sogn og Fjordane Energi AS

## Styret si melding for 2002

### Verksemda

Sogn og Fjordane Energi (SFE) er eit energikonsern som består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS (kraftproduksjon, engros- og sluttbrukaromsetning og sentral- og regionalnett) og dotterselskapa Firdakraft AS (kraftproduksjon og regionalnett), Gloppen Energiverk AS (distribusjonsnett) og Firdanett AS (breibandsselskap). Alle selskapa har forretningskontor på Sandane i Gloppen kommune.

SFE eig 100% av aksjane i Firdakraft AS og Gloppen Energiverk AS og 97% av aksjane i Firdanett AS.

*Eigarfordelinga i morselskapet er slik:*

Sogn og Fjordane fylkeskommune	56,8%
BKK AS	39,2%
Gloppen kommune	4,0%

Det har ikkje vore endringar i eigarskapen i 2002.

Konsernet har oppretthalde strukturen med fleire selskap for å unngå transaksjonskostnader i påvente av avklaring om organiseringa i området. Alle tilsette, med unntak av nødvendig bemanning av konsesjons- og sikkerhetsmessige omsyn, er imidlertid overført til morselskapet og drifta er samordna for å oppnå effektiv drift og synergieffekter.

Selskapet si generalforsamling har gjort vedtak om samanslåing med konsernet Ytre Fjordane Kraftlag AS (YFK) med verknad frå 01.01.03. Selskapet SFE er derfor meldt oppløyst til Foretaksregisteret og vil bli fusjonert med selskapet SFE Produksjon AS. Det er derfor dette selskapet som skal godkjenne årsoppgjeret for 2002.

*Styret for SFE har fram til 31.12.02 vore samansett slik:*

Styreleiar	Arvid Lillehaug	Valt av S. & Fj. fylkeskomm.
Nestleiar	Knut M. Olsen	Valt av S. & Fj. fylkeskomm.
Styremedlem	Mathias Råheim	Valt av S. & Fj. fylkeskomm.
Styremedlem	Bernt Kr. Holtan	Valt av S. & Fj. fylkeskomm.
Styremedlem	Birger C. Schønberg	Valt av BKK
Styremedlem	Karl A. Eliassen	Valt av BKK
Styremedlem	Ragnar Andenæs	Valt av og mellom dei tilsette
Styremedlem	Tormunn Skarstad	Valt av og mellom dei tilsette
Styremedlem	Svein Petter Tveit	Valt av og mellom dei tilsette

## SFE logo

- To like delar symboliserer det samansette, det komplette og fullstendige
- Den er massiv og monumental og utstrålar det kraftige og solide
- Den blå fargen symboliserer den reine fornybare kraftkjelda som vi er tufta på – den raude fargen symboliserer den energien som vår vasskraft gjev oss
- Den blå fargen symboliserer teknikken vi er avhengig av – den raude fargen symboliserer det menneskelege
- Logoet har lokal identitet: Kan symbolisere landskapet for både kystkultur (segl) og innlandskulturen (fjell/foss)
- Logoet har ein spiss som peiker oppover og symboliserer utvikling og framgang
- Abstrakt logo: Nyskapande

## Fortsatt drift

Rekneskapen for 2002 er sett opp under føresetnad av fortsatt drift. Alle selskapa i konsernet inngår imidlertid i samanslåinga mellom konserna SFE og YFK med verk-  
nad frå 01.01.03.

## Årsrekneskap

Rekneskapen for konsernet SFE for år 2002 består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi og dotterselskapa Firdakraft, Gloppen Energiverk og Firdanett.

### Resultat

Konsernet hadde i 2002 ei omsetning på 352 mill. kr som er på same nivå som 2001.

Driftsresultatet er 5 mill. kr betre enn forrige år og skuldast reduserte driftskostnader, reduserte avskrivningar og høgare nettinntekter.

SFE fekk eit konsernresultat før skatt på 98 mill. kr som er 19 mill. kr høgare enn forrige år og betre enn selskapet sitt resultatmål. Resultatbetringa samanlikna med forrige år skuldast i hovudsak reduserte finanskostnader og betra driftsresultat.

Det har vore sikker og stabil drift på SFE sine nett- og kraftanlegg i 2002. Årets kraftproduksjon vart på 1273 GWh som er 83 GWh over fjorårsproduksjonen på 1190 GWh. Kraftproduksjonen i 2002 var 122 GWh høgare enn normalproduksjonen som er på 1151 GWh.

På grunn av dei høge prisane i marknaden ved slutten av året er selskapet sine vassmagasin redusert med 59 GWh samanlikna med nivået pr. 01.01.02. Dette er gjennomført ved bruk av langtidsmagasin som det normalt tek fleire år å fylla opp.

Skattekostnaden for 2002 er berekna til 39 mill. kr, ein auke på 4 mill. kr frå forrige år. Auken skuldast i hovudsak betra resultat og derved høgare overskotsskatt. Grunnrenteskatten er derimot redusert samanlikna med

forrige år på grunn av lågare systempris i periodar med høg produksjon.

SFE sitt konsernresultat etter skatt er på 58 mill. kr for året 2002.

### Årsresultat og disponeringar

Både SFE og YFK blir fusjonert med SFE Produksjon. Utbytte frå desse selskapa blir derfor overført til SFE Produksjon som igjen overfører utbytte til det nye morselskapet Sogn og Fjordane Energi. Dette selskapet utbetaler utbytte til eigarane i det nye morselskapet.

Det er foreslått eit utbytte på 54 mill. kr. Dette vil bli gjennomført med eit utbytte på 4 mill. kr frå YFK og 50 mill. kr frå SFE. Det er disponert 2,0 mill. kr av fri eigenkapital for å gjennomføre 50 mill. kr i utbytte frå SFE.

*Styret foreslår slik disponering av årsoverskotet i morselskapet:*

Avsett til utbytte kr 354,50 pr aksje	kr 50.500.000
Overført frå annan eigenkapital	kr ÷ 2.071.118
Avgitt konsernbidrag	kr 380.000
Disponert konsernbidrag	kr ÷ 380.000
<u>Sum</u>	<u>kr 48.428.882</u>

Selskapet sin frie eigenkapital før utdeling av utbytte pr. 31.12.02 er på kr 57.408.000.

### Balansen

SFE sin konsernbalanse viser ein totalkapital på 1.824 mill. kr.

Konsernet si likviditetsbeholdning pr. 31.12.02 er på 234 mill. kr. Det meste av likviditeten er plassert i likvide papir og vesentleg obligasjonar. Likviditeten har vore god gjennom heile året.

SFE har i tillegg ein trekkrett på 300 mill. kr Det er nytta 50 mill. kr av denne ved årsskiftet.

Eigenkapitalen ved utgangen av året er på 798 mill. kr eller 43% av totalkapitalen. I samband med fusjonsprosessen med YFK gjorde konsultentselskapet Deloitte & Touche ei uavhengig verdsetting av dei to selskapa for å kome fram til byteforholdet mellom partane. Denne viste ein reell verdi på SFE på 1,9 milliard kr. Selskapet har såleis betydelege meirverdiar i balansen.

## Kontantstramanalyse

Konsernet har ein positiv kontantstraum frå drifta på 219 mill. kr. I dette talet inngår avsetningar for gevinst i kraftportefølgjen som er relatert til seinare år.

SFE har ein negativ kontantstraum frå investeringsaktiviteten på 90 mill. kr etter utlån på 74 mill. kr til konsernet YFK til restrukturering av balansen i samband med fusjonen med SFE.

Finansieringsaktiviteten gjev ein negativ kontantstraum på 59 mill. kr etter nedbetaling av langsiktig gjeld med 92 mill. kr, utbetaling av utbytte med 17 mill. kr og opptak av nye lån med 50 mill. kr.

## Drift av selskapet

### Kraftproduksjon

SFE produserar kraft i egne kraftverk og i kraftverk som selskapet leiger av Gloppen kommune. Middelproduksjonen er på 1151 GWh, med ein magasin-kapasitet på om lag 600 GWh. Frå 01.01.03 legg SFE til grunn tilsigsserien 1971 – 2000. Dette gjev ein middelproduksjon på 1210 GWh.

Kraftverka har i 2002 hatt stabil drift med låg ikkje planlagt utetid. Unntaket var brann i transformatorane i Trysilfossen som førte til ca 1 måned utetid på begge aggregata med i alt 3 MW.

Det vassdragstekniske tilsynet er gjennomført i hovudsak som planlagt utan at det er registrert avvik.

SFE sine kjerneverdier er

**kraftfull** og nyskapande  
med lokale røtter

Med **kraftfull** meiner vi at SFE er fylket sitt største kraftkonsern og mellom dei store på Vestlandet. Vi er eit veldrive og solid selskap som har styrkje til å finne dei rette løysingane for kundane. Vi har evne til å ta på oss store oppgåver for lokalsamfunna; som tilgang på kraft frå tradisjonelle og nye energikjelder, distribusjon av kraft, breiband med meir.



## Nettområdet

SFE eig og driv deler av hovudnettet i Nordfjord, Sunnfjord og delar av Sogn samt D-nettet i Gloppen kommune.

I samband med uvær oppstod det i mars månad feil på 132 kV-linja Åskåra – Bryggja. Ein samtidig feil på Tussa Nett si linje førte til manglande kapasitet og sonevise utkoplingar. KILE-kostnaden for denne skaden samla for begge selskapa er på 3,8 mill. kr og SFE har foreslått 50/50 deling mellom selskapa. NVE vil ta stilling til endeleg fordeling.

Total KILE-kostnad for året 2002 er på 3,1 mill. kr av ei råde på 5,9 mill. kr.

Det er gjennomført ein større reparasjon på 66 kV-linja mellom Sagefossen og Storebru etter lynskade. Med unntak av eigenandel på kr 300.000 vart skaden dekkja gjennom SFE si forsikringspolise.

Den nye Moskog trafo er sett i drift og er eit fellesprosjekt med Sunnfjord Energi. Arbeidet med Indre Ring mellom Fardal og Moskog saman med Statnett er starta og vil vere ferdig i løpet av 2004. Linja vil sikre forsyninga i Fjordane og Ytre Sogn og i tillegg få positive økonomiske konsekvensar for SFE ved at linja Mel – Skei blir ein del av nettsystemet.

Det er gjeve konsesjon på bygging av 132 kV-linje Navelsaker –Tomasgard i Hornindal kommune. Det er i ettertid sterke lokale protestar mot linja der det vert kravd kabling gjennom bygda. Kabling vil medføre ein meirkostnad på ca 2,5 mill kr.

## Kraftomsetning

SFE produserar og sel elektrisk kraft frå egne og leigde kraftanlegg og disponerar ca 370 GWh konsesjonskraft frå kraftanlegg i Sogn på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Til saman disponerar SFE om lag 1,5 TWh.

Kraftmarknaden har vore svært turbulent i 2. halvår i 2002. Frå eit stabilt lågt nivå i 1. halvår steig prisane jamnt utover hausten og akselererte til eit nivå på 65 øre/kWh ved slutten av året. Grunnen til dette var lite nedbør i det meste av det nordiske børsområdet frå som-

maren og fram til årsskiftet i kombinasjon med kaldt vær i det same området frå tidleg på hausten. Midlare systempris i Noreg for 2002 vart 20,10 øre/kWh mot 18,65 øre/kWh i 2001.

Høg temperatur på seinsommaren og tidleg på hausten førte til stor bresmelting og tilsig langt over normalen for SFE framover hausten. Tilsiget svikta ved slutten av året, men vart på årsbasis 58 GWh over berekna normaltilsig.

SFE sin handelsstrategi med sikring av produksjonen gjennom langsiktige avtaler fører til at selskapet får stabile og gode resultat i lågprisperiodar. SFE får ikkje del i prisoppgangen i like stor grad som aktørar med meir opne posisjonar. SFE er imidlertid aktiv i marknaden gjennom bruk av opsjonar og aktiv handel for å auke verdien av kraftportefølgjen.

## Personale og arbeidsmiljø

Ved utgangen av 2002 var det i konsernet SFE 109 tilsette som representerar 102 årsverk Dette er ein reduksjon på 3,5 årsverk samanlikna med forrige år.

SFE har innført eit resultatbasert bonussystem som er felles for alle tilsette. Det gode resultatet i 2002 gjev ei bonusutbetaling på kr 10.000 pr. person ved full stillingsandel.

Arbeidsmiljøet ved SFE er vurdert som godt, og ein prøver å gjennomføre tiltak for ytterlegare forbetringar. I 2002 vart det sett i gang to prosjekt som begge hadde som føremål å betre den generelle helsetilstanden. Tilsette som har rygg, skjelett og muskelplager har fått tilbod om undersøking av fysioterapeut og med individuelt tilpassa treningsprogram i helsestudio. Tilsette får trene i inntil 1,5 time pr. veke i arbeidstida mot at dei forpliktar seg til å trene minst like mykje på fritida. Sluttrapporten for den første gruppa som deltok i prosjektet viser vesentleg betra helsetilstand. Det er i tillegg sett i gang eit internt trimprosjekt for alle tilsette som har fått svært god deltaking.

Det er for 2002 rapportert om 3 ulukker med personskaade. Den alvorlegaste ulukka skjedde under arbeid

på fjellet med eit bekkeinntak ved Mel kraftverk. Steinsprang førte til beinbrot for ein av dei tilsette. Alle tilsette er tilknytta bedriftshelseteneste.

*Sjukefråværet i selskapet er lågt og med slik utvikling:*

	2000	2001	2002
Sjukefråvær(%)	2,8	3,7	3,1

Sjukefråværet tilsvarer ca. 800 arbeidsdagar i 2002.

## Ytre miljø

Produksjon av vasskraft er rein og fornybar energi utan utslepp som forureinar det ytre miljø. Vasskraft har miljømessige fortrinn overfor andre energiformer. Både utbygging, demningar, vegar og linjenett medfører imidlertid inngrep i naturen. SFE legg vekt på å forebygge og avgrense uønska miljøkonsekvensar.

SFE prøver gjennom reguleringsføresegner, minstevassføring, bygging av tersklar etc. å ta omsyn til miljøet i regulerte vassdrag.

Det har i 2002 ikkje vore utslepp frå anlegg som forureinar eller har påført skade på det ytre miljøet.

Bedrifta har innført kjeldesortering ved avfallshandtering.

## Framtidsutsikter

Det er i 2002 inngått avtale med YFK som medfører samanslåing av dei to konserna YFK og SFE med verkstad frå 01.01.03. Drøftingane vart gjennomført i eit godt klima og med stor vilje frå begge partar til å kome fram til ei felles løysing. Selskapet blir organisert i ein konsernmodell med morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei 100% eigde dotterselskapa SFE Kraft AS, SFE Nett AS og SFE Produksjon AS. Firdanett AS vil framleis vere eigd med 97% av det nye morselskapet.

SFE sine kjerneverdier er

**kraftfull og nyskapande**  
med lokale røter

SFE er **nyskapande** fordi vi er det første kraftkonsernet i fylket – eit resultat av ein fusjon mellom fem energiselskap. Vi har fokus på å utvikle nye energitjenester til våre kundar. SFE skal forsyne lokalsamfunna med energiproduksjon og infrastruktur for energi og datakommunikasjon. Vi skal rett og slett vere best på å tilby etterspurde tenester innan energisal, energirådgjeving og breiband til kundane.

SFE sine kjerneverdier er **kraftfull og nyskapande** med **lokale røter**

Med **lokale røter** meiner vi at SFE er Sogn og Fjordane sitt eige kraftkonsern. Vi har anlegg «over heile» fylket og er alltid tilgjengelege for kunden. SFE syt for lokal verdiskaping i form av arbeidsplassar, utnytting av naturressursar, skatt og avgifter til kommunar og fylket, og gode økonomiske resultat til våre eigarar: Fylkeskommunen, 7 kommunar i fylket og BKK. SFE er også ein aktiv medspelar for lokal kultur og for tiltak for born og unge. Mellom anna støttar vi drifta av Swanøy Hovedgård, Opera Nordfjord og vi delar ut refleksvestar til alle born som startar på skulen i dei sju kommunane vi har distribusjon i.



#### Eigarskapen i det nye morselskapet vert slik:

Sogn og Fjordane fylkeskommune	47,8%
BKK	38,5%
7 kommunar i Sunnfjord/Nordfjord	13,7%

Det nye SFE konsernet vil få om lag 200 tilsette, ei omsetning på 500 mill. kr, ein eigenkapital på nærare 1200 mill. kr og ca 50% eigenkapitalandel. Konsernet vert det største kraftselskapet i Sogn og Fjordane og mellom dei store aktørane på Vestlandet.

Konsernet er organisert med sikte på effektiv drift og for å få til eit slagkraftig og konkurransedyktig energikonsern i fylket, som kan vere ein aktiv deltakar i dei restruktureringsprosessar som bransjen står overfor.

Konsernet SFE fekk eit godt økonomisk resultat i 2002. Konsernet har ved utgangen av året god likviditet og soliditet med ein eigenkapital på nærare 800 mill. kr. Ved inngangen til det nye året er både vass- og snømagasina lågare enn normalt. På bakgrunn av ressursituasjonen for selskapet sitt hovudprodukt, elektrisk kraft, er det derfor forventa eit noko lågare resultat for 2003 enn det som selskapet oppnådde i 2002.

Sandane, 25. mars 2003

I styret for SFE Produksjon AS:

Ole Schanke Eikum  
– styreleiar –

Ingolf Aagård  
– nestleiar –

Dag Smedbold

Oddmund Årdal

Ola Lingaas  
– adm. dir. –



# Resultatrekneskap 2002

Konsern			Sogn og Fjordane Energi AS		
2001	2002	Note	(Tal i 1000 kr)	2002	2001
			<b>Driftsinntekter:</b>		
264 384	257 398	1,21	Sal av kraft	257 609	263 627
72 213	79 947	2	Sal av overføringstenester	38 571	37 214
11 599	14 917		Andre driftsinntekter	44 986	25 651
<b>348 196</b>	<b>352 262</b>		<b>SUM DRIFTSINTEKTER</b>	<b>341 166</b>	<b>326 492</b>
			<b>Driftskostnader:</b>		
44 462	51 577	1	Kjøp av kraft	86 477	68 168
13 532	16 320		Kjøp av overføringstenester	13 189	11 539
45 071	48 828	3,18	Løn og sos. kostn.	46 671	38 986
45 056	34 814	3,4	Andre driftskostnader	33 094	40 109
18 081	17 189	5	Eigedomsskatt/avgifter	14 921	16 221
58 729	55 446	9	Avskrivningar	41 134	37 595
<b>224 931</b>	<b>224 174</b>		<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>235 485</b>	<b>212 618</b>
<b>123 265</b>	<b>128 088</b>		<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>105 681</b>	<b>113 874</b>
			<b>Finansielle poster:</b>		
0	0		Inntekt frå investering i dotterselskap	0	13 700
÷ 558	÷ 291	10	Andel underskot frå tilknytt selskap	0	0
0	0		Renteinntekt frå foretak i same konsern	7 971	5 150
15 729	15 833		Finansinntekter	12 435	13 923
÷ 310	÷ 1 330	14	Verdiendring på finansielle omløpsmiddel	÷ 1 330	÷ 310
0	0		Rentekostnad til foretak i same konsern	23	0
59 209	44 415	6,21	Annan rentekostnad	44 024	56 157
<b>44 348</b>	<b>30 203</b>		<b>NETTO FINANSKOSTNADER</b>	<b>24 971</b>	<b>23 694</b>
<b>78 917</b>	<b>97 885</b>		<b>RESULTAT FØR SKATT</b>	<b>80 710</b>	<b>90 180</b>
24 147	30 523	7	Overskotsskatt	23 653	24 789
11 312	8 905	7	Grunnrenteskatt	8 628	9 750
<b>35 460</b>	<b>39 428</b>		<b>SUM SKATTEKOSTNAD</b>	<b>32 281</b>	<b>34 539</b>
<b>43 458</b>	<b>58 457</b>		<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b>48 429</b>	<b>55 641</b>
÷ 7	÷ 19		Av dette minoritetsandel		
43 465	58 476		Av dette SFE sin andel		
			<b>Overføringer:</b>		
		8, 16	Overført frå annan eigenkapital	÷ 2 071	0
		8	Foreslege utbytte	50 500	17 380
		8, 16	Avsett til annan eigenkapital	0	38 262
			Avgitt konsernbidrag	380	1 870
			Disponert konsernbidrag	÷ 380	÷ 1 870
			<b>SUM OVERFØRINGAR</b>	<b>48 429</b>	<b>55 641</b>

# Balanse 31.12. 2002

Konsern			Sogn og Fjordane Energi AS		
01.01.02	31.12.02	Note	(Tal i 1000 kr)	31.12.02	01.01.02
<b>EIGNELUTAR</b>					
<b>Anleggsmidler:</b>					
<b>Immaterielle eignelutar:</b>					
0	0	7	Utsett skattefordel alminneleg inntekt	0	0
85 061	83 062		Vassrett	0	0
129 600	126 586	9	Fallrett	126 586	129 600
36 178	33 470	9	Goodwill	3 960	0
<b>250 839</b>	<b>243 118</b>		<b>Sum immaterielle eignelutar</b>	<b>130 546</b>	<b>129 600</b>
<b>Varige driftsmidler:</b>					
31 948	29 251	9	Div. anleggsaktiva	24 752	26 584
987 191	951 135	9	Kraftstasjonar	886 127	919 141
76 439	76 432	9	Linjer	18 564	19 368
37 243	51 482	9	Trafostasjonar	30 668	14 613
38 770	41 059	9	Faste eigedomar	20 943	19 298
16 646	8 069	9	Prosjekt under arbeid	3 233	16 332
<b>1 188 237</b>	<b>1 157 428</b>		<b>Sum varige driftsmidler</b>	<b>984 288</b>	<b>1 015 336</b>
<b>Finansielle anleggsmidler:</b>					
0	0	10	Aksjar i selskap i same konsern	225 931	205 658
4 425	4 134	10	Investering i tilknytt selskap	0	0
0	0		Lån til selskap i same konsern	78 834	59 834
1 240	1 345	10	Aksjar	1 125	850
50 637	113 312	11	Utlån/Langsiktige fordringar	113 310	50 591
<b>56 302</b>	<b>118 791</b>		<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>	<b>419 201</b>	<b>316 933</b>
<b>1 495 378</b>	<b>1 519 337</b>		<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>1 534 035</b>	<b>1 461 869</b>
<b>Omlaupsmidler:</b>					
<b>1 929</b>	<b>1 790</b>		<b>Varelager</b>	<b>1 556</b>	<b>0</b>
<b>Fordringar:</b>					
60 268	50 170	12	Kundefordringar	37 909	46 071
22 440	19 852	2,12,13	Andre kortsiktige krav	37 119	85 446
<b>82 708</b>	<b>70 022</b>		<b>Sum fordringar</b>	<b>75 028</b>	<b>131 517</b>
<b>Investeringar og likvidar:</b>					
116 614	142 303	14,21	Marknadsbaserte finansplasseringar	142 303	116 614
21 315	91 373	15	Kasse, bank etc.	55 239	2 514
<b>137 929</b>	<b>233 675</b>		<b>Sum investeringar og likvidar</b>	<b>197 541</b>	<b>119 128</b>
<b>222 566</b>	<b>305 488</b>		<b>Sum omlaupsmidler</b>	<b>274 125</b>	<b>250 645</b>
<b>1 717 944</b>	<b>1 824 825</b>		<b>SUM EIGNELUTAR</b>	<b>1 808 159</b>	<b>1 712 514</b>

# Gjeld og egenkapital

Konsern			Sogn og Fjordane Energi AS		
Balanse	Balanse	Note	GJELD OG EIGENKAPITAL	Balanse	Balanse
01.01.02	31.12.02		(Tal i 1000 kr)	31.12.02	01.01.02
			<b>EIGENKAPITAL:</b>		
142 455	142 455	16,17	Selskapskapital (142.455 aksjar pål. kr 1.000)	142 455	142 455
593 411	593 411	16	Overkursfond	593 411	593 411
53 934	61 910	16	Annan egenkapital	58 736	60 808
108	89	16	Minoritetsinteresser	0	0
<b>789 908</b>	<b>797 865</b>		<b>Sum egenkapital</b>	<b>794 602</b>	<b>796 674</b>
			<b>GJELD:</b>		
			<b>Langsiktig gjeld:</b>		
17 296	16 803	18	Pensjonsforplikting	14 987	15 573
31 468	34 047	7	Utsett skatt forplikting alm. inntekt	30 691	28 267
8 209	10 159	7	Utsett skatt forplikting grunnrenteinntekt	10 159	8 209
54 660	52 591	19	Avsetting for forpliktingar	52 591	54 660
667 989	577 660	19,20	Obligasjonslån	576 490	665 659
24 750	73 100	19,20	Gjeld til kredittinstitusjonar	73 100	24 750
<b>804 372</b>	<b>764 360</b>		<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>758 017</b>	<b>797 117</b>
			<b>Kortsiktig gjeld:</b>		
18 889	43 322	12	Leverandørgjeld	42 594	17 223
26 811	24 933	7	Betalbar skatt	19 668	23 670
19 522	24 360		Skuldige offentlege avgifter, skattetrekk etc	23 540	13 274
17 380	50 500	8	Avsett til utbytte	50 500	17 380
41 062	119 486	2,12	Anna kortsiktig gjeld	119 239	47 176
<b>123 664</b>	<b>262 601</b>		<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>255 540</b>	<b>118 723</b>
<b>928 036</b>	<b>1 026 961</b>		<b>Sum gjeld</b>	<b>1 013 557</b>	<b>915 840</b>
<b>1 717 944</b>	<b>1 824 826</b>		<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>1 808 159</b>	<b>1 712 514</b>

Sandane 25. mars 2003



Ole Schanke Eikum  
- styreleiar -



Ingolf Aagård  
- nestleiar -



Dag Smedbold



Oddmund Årdal



Ola Lingaas  
- adm. dir. -

# Kontantstrømanalyse

Konsern			Sogn og Fjordane Energi AS		
2001	2002	Note	(Tal i 1000 kr)	2002	2001
			<b>Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar:</b>		
78 917	97 885		Ordinært resultat før skattekostnad	80 710	90 180
÷ 16 875	÷ 28 653	7	Betalte skattar i perioden	÷ 23 712	÷ 14 237
58 729	55 446	9	Avskrivningar	41 134	37 595
100	170	10	Nedskrivning av aksjar	0	0
3 400	0	9	Nedskrivning av varige driftsmidler	0	3 400
÷ 283	÷ 1 077	9	Gevinst ved sal av driftsmidler	÷ 1 076	÷ 284
4 499	0	10	Tap ved sal av aksjar	0	3 887
558	291	10	Kostnad frå investering i tilknytt selskap utan kontanteffekt	0	0
÷ 1 929	139		Endring i varelager	÷ 1 556	0
÷ 10 357	10 098	12	Endring i kundefordringar	8 162	÷ 3 189
5 288	24 433	12	Endring i leverandørgjeld	25 371	4 930
÷ 109 199	÷ 25 689	14	Endring i kortsiktige finansplasseringar	÷ 25 689	÷ 109 199
1 365	86 225		Endring i andre tidsavgrensingspostar	130 890	6 709
<b>14 213</b>	<b>219 267</b>		<b>Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>234 234</b>	<b>19 792</b>
			<b>Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar:</b>		
÷ 70 223	÷ 22 823	9	Utbetalningar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	÷ 16 592	÷ 19 851
687	6 830	9	Innbetalningar ved sal av varige driftsmidler	6 516	803
35	0	9	Innbetalningar ved sal av aksjar og andelar i andre foretak	0	35
÷ 615	÷ 275	9	Utbetalningar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	÷ 20 271	÷ 10 977
0	÷ 73 583	11	Utbetaling ved utlån	÷ 92 583	÷ 59 834
<b>÷ 70 116</b>	<b>÷ 89 851</b>		<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>÷ 122 930</b>	<b>÷ 89 824</b>
			<b>Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar:</b>		
0	50 000	19	Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	50 000	0
÷ 287 301	÷ 91 979	19	Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	÷ 90 819	÷ 286 121
587 999	0	16	Innbetaling av eigenkapital	0	587 999
÷ 246 961	÷ 17 380	8	Utbetaling av utbytte	÷ 17 380	÷ 246 961
0	0		Utbetaling av konsernbidrag	÷ 380	÷ 1 870
<b>53 737</b>	<b>÷ 59 359</b>		<b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>÷ 58 579</b>	<b>53 047</b>
<b>÷ 2 166</b>	<b>70 058</b>		<b>Netto endring i kontantar og ekvivalentar</b>	<b>52 725</b>	<b>÷ 16 985</b>
<b>23 481</b>	<b>21 315</b>		<b>Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1</b>	<b>2 514</b>	<b>19 499</b>
<b>21 315</b>	<b>91 373</b>		<b>Behaldning av kontantar og ekvivalentar 31.12</b>	<b>55 239</b>	<b>2 514</b>

*Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) sin rekneskap er ført i samsvar med rekneskapslova av 1998 og reglane for god rekneskapsskikk.*

## Grunnleggande forhold

Årsrekneskapen for SFE konsernet består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysningar. Konsernet består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi og dotterselskapa Firdakraft, Gloppen Energiverk og Firdanett. Selskapet Firdakraft eig 30% av aksjane i Fossheim Energiverk. Fossheim Energiverk er derfor ført inn i konsernrekneskapen som eit tilknytt selskap.

Alle interne resultat- og balansepostar som skuldast interne transaksjonar er utlikna. Ved konsolideringa er anskaffelseskostnaden til aksjane i dotterselskapa eliminert mot eigenkapitalen på oppkjøpstidspunktet. Meir- og mindreverdiar av aksjane i dotterselskapa i forhold til bokført eigenkapital i selskapa er i konsernrekneskapen fordelt til dei ulike eignedelane i dotterselskapa og vert avskrive planmessig. Meirverdi utover den som er fordelt til dei ulike eignedelane er aktivert som goodwill.

## Prinsipp for inntekts- og kostnadsføring og klassifisering av postar

Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Kostnader vert medteke i rekneskapen i den perioden dei påløper. Eignelutar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eignelutar er klassifisert som omlaupsmidlar. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida. Ved vurdering av omlaupsmidlar er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omlaupsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og marknadsverdi. Unntak frå dette er finansielle omlaupsmiddel som inngår i ei handelsportefølje.

Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

Postar som er av uvanleg karakter og av ein slik art at dei ikkje inntre ofte eller regelmessig, vert klassifiserte som ekstraordinære dersom dei beløpsmessig er vesentlege for selskapet.

## Godtgjersler

SFE utbetaler godtgjersler i samband med overtaking av bruks- og fallrettar.

For utbygde kraftverk er eingongsgodtgjersler aktivert og vert avskreve over anlegget si levetid, medan årlege godtgjersler for utbygde anlegg vert kostnadsført. For rettar som ikkje er utnytta, vert dei årlege godtgjerslene kostnadsførte.

## Andel i andre kraftverk

SFE eig ein andel i Leirdøla kraftverk på 35%. Leirdøla inngår i SFE sin rekneskap etter brutto-metoden. Avskrivningane inngår i posten avskrivningar i rekneskapen. Sal av kraft frå Leirdøla er inkludert i posten sal av kraft, og driftskostnader for SFE sin andel er inkludert i posten andre driftskostnader. Grunnrente- og naturressursskatten for Leirdøla vert utlikna på SFE si hand og er inkludert i desse postane i rekneskapen.

## Leigde kraftverk

SFE leiger tre kraftverk med Gloppen kommune. Leigekontrakta går over 20 år frå 01.01.95. SFE har betalt ei forskotsleige på 65 millionar kroner. Denne forskotsleiga er ført i balansen som ei langsiktig fordring. 1/20 av leigebeløpet vert årleg kostnadsført. Reinvesteringar vert aktivert i balansen som avskrivbare anleggsmiddel i samsvar med leigekontrakta med Gloppen kommune.

## Konsesjonskraft

Sogn og Fjordane fylkeskommune har rett til å ta ut konsesjonskraft frå enkelte kraftverk i fylket. SFE handterer konsesjonskrafta på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune for fylket si rekning og risiko. Inntekter og kostnader knytt til konsesjonskrafta er såleis rekneskapsført hos Sogn og Fjordane fylkeskommune og ligg ikkje inne i SFE sitt resultatrekneskap. Resultatet frå konsesjons-

krafta er berekna i medhald av forskrift gjeve til skattelova § 2-5 og vert slik skattefri for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

### Magasinffylling

I samsvar med tilråding frå Energibedriftenes landsforening (EBL) vert ikkje vassmagasin balanseført. Vassmagasin er likevel vesentleg for vurdering av rekneskapsmessige resultat for selskapet.

### Kraftkontrakter

Alle kjøps- og salskontrakter blir periodiserte, dvs. inntekter og kostnader blir periodiserte i høve til leverings- og mottakstidspunkt. Kraftkontraktene er delt inn i to porteføljer, ei produksjonsportefølje og ei tradingportefølje. Kvar portefølje vert vurdert for seg med gjennomsnittspris på sals- og kjøpskontrakter med tilsvarende volum og samanfalande leveringsperiodar. Urealiserte tap i kvar portefølje vert kostnadsført medan urealiserte gevinstar ikkje vert inntektsført.

### Finnansielle omlaufsmiddel som ingår i handelsporteføljen

SFE har ei handelsportefølje med verdipapir som sertifikat, obligasjonar og grunnfondsbevis. Denne handelsportefølja er i balansen vurdert til verkeleg verdi.

### Aksjar i dotterselskap og tilknytta selskap

Investeringar i dotterselskap er i selskapsrekneskapskapen vurdert etter kostmetoden. I konsernrekneskapskapen er dotterselskap og tilknytta selskap innarbeidd etter eigenkapitalmetoden.

### Skattar

SFE betalar fire ulike skatteartar. Dette er alminneleg overskotsskatt, grunnrenteskatt, naturressursskatt og eigedomsskatt.

#### Overskotsskatt

Overskotsskatten vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapskapen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skattefordel/skatteforplikting. Betalbar

skatt vert berekna på grunnlag av året sitt skattemessige resultat. Utsett skattefordel/skatteforplikting vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Utsett skatt i morselskapet er rekna etter nominell verdi. I konsernrekneskapskapen er utsett skatt ved kjøp av dotterselskap rekna etter noverdi.

#### Grunnrenteskatt

Grunnrenteskatten er ein kraftverksspesifikk skatt som vert berekna separat for kvart kraftverk. Grunnrenteskatten har som formål å skattlegge den avkastinga ein vasskraftprodusent har utover normalavkastning som følge av at produsenten utnyttar ein naturressurs. Denne skattearten er delvis overskotsuavhengig.

Skattekostnaden knytt til grunnrente i SFE sitt resultatrekneskap består av betalbar grunnrenteskatt, endring i utsett skatt knytt til grunnrente med basis i endring i midlertidige skilnader og endring i framførbart underskot knytt til grunnrente. Ved berekning av utsett skatt fordel/forplikting er det brukt effektiv skattesats. Utsett skatt fordel/forplikting på grunnrente er presentert netto i balansen for alle kraftverk.

#### Naturressursskatt

Naturressursskatten er overskotsuavhengig og vert berekna basert på det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten kan utliknast krone for krone mot overskotsskatten, og ikkje utlikna naturressursskatt kan framførast med renter.

#### Eigedomsskatt

Eigedomsskatten er ein overskotsuavhengig skatt. For kraftverk vert grunnlaget for eigedomsskatten fastsett i samband med skattelikninga. Øvrige anlegg vert verdisett gjennom ein eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten utgjer inntil 0,7% av grunnlaget. I rekneskapskapen er eigedomsskatten teken med som ein driftskostnad.

# Notar til rekneskapen 2002



## 1. Kraftproduksjon, kraftsal og kraftkjøp

<b>Kraftproduksjon 2002:</b>	<b>Mor</b>	<b>Konsern</b>
Årets produksjon	1 126 GWh	1 273 GWh
Midlare årsproduksjon	1 016 GWh	1 151 GWh

Produksjonstala inkluderer ikkje tilknytt selskap.

<b>Morselskap</b>	<b>31.12.02</b>	<b>31.12.01</b>	<b>31.12.00</b>	<b>31.12.99</b>	<b>31.12.98</b>
Magasinbeholdning (GWh)	253	300	290	316	294
Andel av magasinkapasitet	53%	63%	61%	66%	62%

<b>Konsern</b>	<b>31.12.02</b>	<b>31.12.01</b>	<b>31.12.00</b>	<b>31.12.99</b>	<b>31.12.98</b>
Magasinbeholdning (GWh)	309	368	364	395	364
Andel av magasinkapasitet	53%	63%	63%	68%	63%

Magasintala inkluderer ikkje tilknytt selskap.

### Kraftsal og kraftkjøp:

SFE har delt kraftkontraktene inn i ei produksjons- og ei tradingportefølje.

Produksjonsportefølja inneheld i tillegg til eigenproduksjonen, alle sals- og kjøpskontrakter som er inngått med grunngjeving i forhold knytt til fysiske tilhøve i våre produksjonsanlegg. Dette gjeld både fysiske og finansielle kraftkontrakter. Også sals- og kjøpskontrakter inngår i produksjonsportefølja. Kraftsals- og kraftkjøpskontrakter med levering i same periode vert samanstilt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført. Eigenproduksjonen vert i denne vurderinga lagt inn som ei kjøpskontrakt med kjøpspris lik sjølvkost. Vurdering som er gjort 31.12.02 viser at det ikkje ligg urealiserte tap i portefølja.

Tradingportefølja inneheld alle sals- og kjøpskontrakter som **ikkje** er inngått med grunngjeving i forhold knytt til fysiske tilhøve i våre produksjonsanlegg. Kraftsals- og kraftkjøpskontrakter med levering i same periode vert samanstilt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført. Vurdering som er gjort 31.12.02 viser at det ikkje ligg urealiserte tap i portefølja.

## 2. Meir-/mindreinntekt og KILE på nettdrift

	<b>Mor</b>				<b>Konsern</b>			
	<b>D-nett</b>	<b>R-nett</b>	<b>S-nett</b>	<b>Sum</b>	<b>D-nett</b>	<b>R-nett</b>	<b>S-nett</b>	<b>Sum</b>
Inntektsramme 2002	826	16 539	9 182	<b>26 547</b>	18 555	36 942	9 182	<b>64 679</b>
Mindre- (+)/ meirinntekt 01.01	95	261	÷ 26	<b>330</b>	3 271	347	÷ 26	<b>3 592</b>
Årets bevegelsar	8	÷ 198	227	<b>37</b>	2 845	1 108	227	<b>4 180</b>
<b>Mindre- (+)/ meirinntekt 31.12</b>	<b>103</b>	<b>63</b>	<b>201</b>	<b>367</b>	<b>6 125</b>	<b>1 455</b>	<b>201</b>	<b>7 781</b>
Renter av mindre- (+)/ meirinntekt 01.01	3	÷ 55	÷ 2	<b>÷ 54</b>	214	1	÷ 2	<b>213</b>
Årets bevegelsar	3	10	1	<b>17</b>	327	100	8	<b>435</b>
<b>Renter av mindre- (+)/ meirinntekt 31.12</b>	<b>6</b>	<b>÷ 45</b>	<b>÷ 1</b>	<b>÷ 37</b>	<b>541</b>	<b>101</b>	<b>6</b>	<b>648</b>

Meir/mindreinntekt i året blir avsett i balansen som kortsiktig gjelds-/fordringspost. Dei påfølgjande år blir fordringane gjort opp med nettkundane i form av auka prisar. Rentekompensering går inn i utrekningane og oppgjera.

<b>KILE:</b>	<b>Mor</b>				<b>Konsern</b>			
	<b>D-nett</b>	<b>R-nett</b>	<b>S-nett</b>	<b>Sum</b>	<b>D-nett</b>	<b>R-nett</b>	<b>S-nett</b>	<b>Sum</b>
Akk mindreinntekt KILE 31.12.01, ikkje balanseført	38	709	2 749	<b>3 496</b>	504	1 433	2 749	<b>4 686</b>
KILE-ramme for 2002	38	730	3 075	<b>3 843</b>	897	1 903	3 075	<b>5 875</b>
Faktiske avbrotkostnader 2002	0	1 885	1 000	<b>2 885</b>	181	1 902	1 000	<b>3 083</b>
Inntektsført mindreinntekt av KILE	0	0	1 500	<b>1 500</b>	400	0	1 500	<b>1 900</b>
Rentekompensasjon	5	÷ 29	215	<b>191</b>	53	93	215	<b>361</b>
<b>Akk mindre- (+)/meirinntekt KILE 31.12.02, ikkje balanseført</b>	<b>81</b>	<b>÷ 475</b>	<b>3 539</b>	<b>3 145</b>	<b>873</b>	<b>1 527</b>	<b>3 539</b>	<b>5 939</b>

KILE står for Kvalitetsjustert Inntektsramme for ikkje Levert Energi. Ordninga vart innført frå rekneskapsåret 2001. Formålet med ordninga er å gje nettselskapa insentiv til å oppretthalde og forbetre leveringstryggleiken til sluttbrukar. Venta KILE-beløp (KILE-ramme) vert fastsett av NVE. Faktiske avbrotkostnader er berekna iflg. faktiske avbrot i løpet av året etter satsar pr kWh fastsett av NVE. Konsernet har inntektsført mindreinntekt på KILE på bakgrunn av reduserte avbrotkostnader knytt til varsla avbrot og investeringar som er gjennomført i nettet som reduserer risikoen for ikkje varsla avbrot.



## 7. Skattar

### 7a) Skilnad mellom resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag alminneleg inntekt

Betalbar skatt i årets skattekostnad knytt til alminneleg inntekt kjem fram slik:

Beløp i 1000 kr	Mor		Konsern	
	2002	2001	2002	2001
<b>Resultat før skattekostnad</b>	<b>80 710</b>	<b>90 180</b>	<b>106 865</b>	<b>78 917</b>
Permanente skilnader	÷ 2 549	÷ 517	÷ 2 428	÷ 279
Korr. midlertidl. skilnader frå tidlegare år	+ 1 426	0	+ 1 394	0
Endring i negative midlertidige skilnader	÷ 4 257	+ 9 611	÷ 3 366	+ 27 666
Skattefri gevinst konserninternt sal	0	0	÷ 4 400	0
Effekt av konsernbidrag	0	0	380	0
<b>Grunnlag betalbar skatt</b>	<b>75 331</b>	<b>99 276</b>	<b>98 445</b>	<b>106 304</b>
Skatt 28%	21 093	27 797	27 703	29 765
Godtgjering på motteke utbytte	82	112	82	112
<b>Betalbar skatt på årets resultat</b>	<b>21 011</b>	<b>27 685</b>	<b>27 621</b>	<b>29 653</b>

### 7b) Spesifikasjon av betalbar skatt på grunnrente

#### MOR

Betalbar skatt i årets skattekostnad knytt til grunnrenteinntekt kjem fram slik:

Beløp i 1000 kr	Åskåra I	Åskåra II	Leirdøla	Sagefossen	Skogheim	Mel
Brutto grunnrenteinntekt	52 915	28 221	28 496	5 083	5 053	33 958
Friinntekt	16 807	9 334	11 798	5 135	5 491	46 593
Skattemessige avskrivningar	8 906	4 845	3 822	1 797	1 637	12 635
Øvrige driftskostnader	12 553	6 617	5 931	2 305	2 157	10 482
<b>Årets netto grunnrenteinntekt</b>	<b>14 649</b>	<b>7 424</b>	<b>6 945</b>	<b>- 4 154</b>	<b>- 4 232</b>	<b>- 35 754</b>
Neg grunnrenteinntekt 01.01.2002	0	0	- 4 903	- 20 658	- 27 047	- 293 898
<b>Grunnlag betalbar grunnrenteskatt</b>	<b>14 649</b>	<b>7 424</b>	<b>2 042</b>	<b>- 24 812</b>	<b>- 31 279</b>	<b>- 329 651</b>
<b>Betalbar grunnrenteskatt 27%</b>	<b>3 956</b>	<b>2 005</b>	<b>551</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

#### KONSERN

Betalbar skatt i årets skattekostnad knytt til grunnrenteinntekt kjem fram slik:

Beløp i 1000 kr	Kraftverk i	Kraftverk ikkje i
	grunnrenteoposisjon	grunnrenteoposisjon
Brutto grunnrenteinntekt	137 702	44 094
Friinntekt	45 175	57 220
Skattemessige avskrivningar	20 138	16 070
Øvrige driftskostnader	42 347	14 944
<b>Årets netto grunnrenteinntekt</b>	<b>30 042</b>	<b>- 44 140</b>
Neg grunnrenteinntekt 01.01.2002	0	- 341 603
<b>Grunnlag betalbar grunnrenteskatt</b>	<b>30 042</b>	<b>- 385 742</b>
<b>Betalbar grunnrenteskatt 27%</b>	<b>6 787</b>	<b>0</b>

### 7c) Grunnlag for berekning av utsett skatt og brukt skattesats

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige skilnader og underskot til framføring for skatt på alminneleg inntekt:

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	31.12.02	01.01.02	31.12.01	31.12.02	01.01.02	31.12.01
	Fordel	Fordel	Fordel	Fordel	Fordel	Fordel
Anleggsmidlar	7 180	9 448	9 448	2 815	5 342	÷ 15 166
Omløpsmidlar	614	287	287	970	648	648
Pensjonsforplikting	4 196	4 360	0	4 705	4 895	0
Langsiktig gjeld	4 004	4 004	4 004	4 004	4 004	4 004
Kortsiktig gjeld	1 670	1 988	1 988	1 670	1 988	1 988
Framførbart underskot	0	0	0	145	9	9
<b>Sum</b>	<b>17 664</b>	<b>18 855</b>	<b>15 727</b>	<b>14 308</b>	<b>16 886</b>	<b>÷ 8 517</b>
Ikkje balanseført utsett skattefordel	48 354	48 354	12 066	48 354	48 354	12 066
<b>Netto utsett fordel/gjeld i (-)balansen</b>	<b>÷ 30 691</b>	<b>÷ 28 267</b>	<b>3 661</b>	<b>÷ 34 047</b>	<b>÷ 31 468</b>	<b>÷ 20 583</b>

Utsett skattefordel er oppført med utgangspunkt i framtidig inntekt. Endringa frå 31.12.01 til 01.01.02 skuldast implementering av pensjonsstandard, sjå note 18 og reallokering av verdiar frå aksjepost i dotterselskapet Firdakraft til fallrett. Denne reallokeringa har ført til endringar i utsett skatt fordel på anleggsmiddel i konsernrekneskapa. Utsett skatt fordel knytt til aksjar eigd i dotterselskapet Firdakraft AS er ikkje balanseført.

## Midlertidige skilnader knytt til berekning av skattekostnad på grunnrenteinntekt

### Effektiv skattesats:

Ved utrekning av effektiv skattesats for SFE sine kraftverk har vi estimert inntekter og kostnader over kraftverka si levetid. Denne levetida er sett til 67 år frå kraftverka var nye. For inntekter har vi teke utgangspunkt i middelproduksjon og noterte prisar på Nord Pool for den tidshorisonten der slike finst. For perioden etter har vi brukt prognoseprisar. For kostnader er det teke utgangspunkt i dagens kostnadsnivå og framskrive dette. Reinvestering i perioden er handsama som driftskostnad for å få ein skattemessig verdi på kraftstasjonane ved utgangen av berekningsperioden som er tilnærma 0. Utfrå dette estimatet vil Sagefossen, Skogheim og Mel kraftverk ikkje vere i grunnrenteposisjon i denne tidshorisonten. Åskåra I, Åskåra II, Leirdøla og Øksenelvane (eigd av Firdakraft) er i dag i grunnrenteposisjon. I det vidare vil vi sjå bort frå Sagefossen, Skogheim og Mel kraftverk sidan desse kraftverka ikkje vil bli belasta med grunnrenteskatt over levetida etter våre simuleringar.

### Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige skilnader og negativ grunnrenteinntekt til framføring:

Mor	Åskåra I		Åskåra II		Leirdøla		Totalt	
	Forde/Gjeld (÷)		Forde/Gjeld (÷)		Forde/Gjeld (÷)		Forde/Gjeld (÷)	
<i>Beløp i 1000 kr</i>	<b>31.12.</b>	<b>01.01.</b>	<b>31.12.</b>	<b>01.01.</b>	<b>31.12.</b>	<b>01.01.</b>	<b>31.12.</b>	<b>01.01.</b>
Effektiv skattesats grunnrente	24%	24%	24%	24%	23%	23%		
Anleggsmidlar	÷ 7 694 ÷ 7 257		÷ 249 117		÷ 2 217 ÷ 2 116		÷ 10 159 ÷ 9 256	
Framførbar neg. grunnrenteinntekt	0 0		0 0		0 1 047		0 1 047	
<b>Utsett forde/gjeld (-) i balansen</b>	<b>÷ 7 694 ÷ 7 257</b>		<b>÷ 249 117</b>		<b>÷ 2 217 ÷ 1 069</b>		<b>÷ 10 159 ÷ 8 209</b>	

Konsern	Kraftverk eigd av mor		Kraftverk eigd av Firdakraft		Totalt	
	Forde/Gjeld (÷)		Forde/Gjeld (÷)		Forde/Gjeld (÷)	
<i>Beløp i 1000 kr</i>	<b>31.12.</b>	<b>01.01.</b>	<b>31.12.</b>	<b>01.01.</b>	<b>31.12.</b>	<b>01.01.</b>
Anleggsmidlar	÷ 10 159 ÷ 9 256		0 0		÷ 10 159 ÷ 9 256	
Framførbar neg. grunnrenteinntekt	0 1 047		0 0		0 1 047	
<b>Utsett forde/gjeld (-) i balansen</b>	<b>÷ 10 159 ÷ 8 209</b>		<b>0 0</b>		<b>÷ 10 159 ÷ 8 209</b>	

### 7d) Spesifikasjon av skattekostnaden

<i>Beløp i 1000 kr</i>	Mor	Konsern
<b>Skatt på alminneleg inntekt/naturressursskatt</b>		
Årets betalbare skatt på alminneleg inntekt/naturressursskatt	21 011	27 621
For lite avsett skatt tidlegare år	218	429
Endring utsett skattefordel alminneleg inntekt	2 424	2 579
Skatteverknad motteke konsernbidrag	0	- 106
<b>Perioden sin skattekostnad på alm. inntekt/naturressursskatt</b>	<b>23 653</b>	<b>30 523</b>

### Grunnrenteskatt


Årets betalbare skatt på grunnrenteinntekt	6 511	6 787
Endring utsett skattefordel grunnrenteinntekt	1 950	1 950
For lite avsett skattekostnad frå tidlegare år	166	166
<b>Perioden sin skattekostnad på grunnrenteinntekt</b>	<b>8 628</b>	<b>8 905</b>
<b>Perioden sin totale skattekostnad</b>	<b>32 281</b>	<b>39 428</b>

### 7e) Spesifikasjon av betalbar skatt i balansen

	Mor	Konsern
Betalbar naturressursskatt/skatt på alm.inntekt	13 156	19 766
Betalbar grunnrenteskatt	6 511	6 787
Til gode på skatteoppgjær 2001	0	1 622
<b>Skuldig betalbar skatt i balansen</b>	<b>19 668</b>	<b>24 933</b>

## 8. Utbytte

Det er avsett eit utbytte på 50,5 mill. kr. Sogn og Fjordane Energi AS er fusjonert med SFE Produksjon AS med ikrafttreding 01.01.2003. SFE Produksjon er overtakande selskap i fusjonen. Utbyttet vert derfor overført SFE Produksjon som igjen vil overføre det til det nye morselskapet i konsernet med namnet Sogn og Fjordane Energi AS. Aksjonærene i det nye konsernet vil så få utbetalt utbyttet for 2002.



## 9. Anleggsmidler

### Mor

Spesifikasjon av anleggsmidler	Anskaff.-kostnad	Tilgang	Avgang / avstemm.	Anskaff.-kostnad	Ordinær avskr. akk.	Bokført verdi	Årets ord. avskr.	Øk. levetid (snitt)
Beløp i 1000 kr	01.01.02	2002	2002	31.12.02		31.12.02		år
Kraftstasjoner	1 064 065	1 593	7 286	1 058 372	172 245	886 127	29 045	36,4
Fallrett	129 600	0	0	129 600	3 014	126 586	3 014	43,0
Linjer	24 045	191	0	24 236	5 672	18 564	996	24,3
Trafostasjoner	23 698	17 755	0	41 453	10 785	30 668	1 701	24,4
Inventar, utstyr, matr.	11 022	2 280	0	13 302	8 036	5 266	1 506	8,8
Andre anleggsaktiva	42 975	1 459	0	44 434	24 946	19 488	4 064	10,9
Adm. og lagerbygg	14 770	2 013	0	16 783	2 203	14 580	368	45,6
Bolighus og tomter	6 362	0	0	6 362	0	6 362	0	0
Goodwill	0	4 400	0	4 400	440	3 960	440	10,0
Anlegg i arbeid	16 332	1 801	14 900	3 233	0	3 233	0	0
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>1 332 869</b>	<b>31 492</b>	<b>22 186</b>	<b>1 342 175</b>	<b>227 341</b>	<b>1 114 834</b>	<b>41 134</b>	<b>0</b>

Alle anleggsmidler har lineær avskrivingsplan.

Goodwill-verdien kjem frå oppkjøp av dotterselskapet Gloppen Energiverk si kundemasse. Lojaliteten i denne kundemassa er slik at 10 års avskrivingsstid er vurdert til å vere korrekt.

### Konsern

Spesifikasjon av anleggsmidler	Anskaff.-kostnad	Tilgang	Avgang / avstemm.	Anskaff.-kostnad	Ordinær avskr. akk.	Bokført verdi	Årets ord. avskr.	Øk. levetid (snitt)
Beløp i 1000 kr	01.01.02	2002	2002	31.12.02		31.12.02		år
Kraftstasjoner	1 159 631	1 648	7 286	1 153 993	202 858	951 135	32 143	35,9
Fallrett	129 600	0	0	129 600	3 014	126 586	3 014	43,0
Linjer	84 993	4 175	0	89 168	12 736	76 432	4 182	21,3
Trafostasjoner	48 973	17 755	0	66 728	15 246	51 482	3 517	19,0
Inventar, utstyr, matr.	15 774	2 797	47	18 524	10 444	8 080	2 580	7,2
Andre anleggsaktiva	45 112	2 367	0	47 479	26 308	21 170	4 251	11,2
Adm. og lagerbygg	33 947	2 343	0	36 290	2 629	33 661	914	39,7
Bolighus og tomter	7 398	0	0	7 398	0	7 398	0	0
Anlegg i arbeid	16 646	6 637	15 214	8 069	0	8 069	0	0
Vassrett	87 912	0	0	87 912	4 850	83 062	1 998	44,0
Goodwill	40 057	4 400	4 811	39 646	6 176	33 470	2 846	13,9
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>1 670 042</b>	<b>42 122</b>	<b>27 358</b>	<b>1 684 807</b>	<b>284 261</b>	<b>1 400 546</b>	<b>55 446</b>	

Alle anleggsmidler har lineær avskrivingsplan.

Goodwill-verdien skriv seg frå kostnadsreduksjonar (synergjar) gjennom oppkjøpet av Firdakraft og drift av anleggsmidlane samla, samt kjøp av kundemasse frå dotterselskapet Gloppen Energiverk. Anleggsmidlane det her er tale om er kraftstasjoner og nettanlegg med lang levetid slik at synergieffektane vil ha ein varighet på minst 15 år. Lojaliteten i kundemassa er slik at 10 års avskrivingsstid er vurdert til å vere korrekt.

## 10. Aksjepostar og investeringar i tilknytt selskap

### Mor

Beløp i 1000 kr	Forretningskontor	Eigardel SFE	Anskaff. kostnad	Balansført verdi	Marknadsverdi
Norsk Energiverk Forsikring AS	Lysaker	1,2%	500	500	440
Andre selskap		9,8-14,3%	625	625	625
<b>Sum andre aksjer</b>				<b>1 125</b>	<b>1 065</b>
<b>Aksjar i dotterselskap:</b>					
Firdakraft AS	Sandane	100%	336 660	193 486	193 486
Sogn og Fjordane Kraft AS	Sandane	100%	50	50	50
Sogn og Fjordane Nett AS	Sandane	100%	50	50	50
Gloppen Energiverk AS	Sandane	100%	29 999	30 323	30 323
Firdanett AS	Sandane	97%	726	2 022	2 022
<b>Sum aksjar i dotterselskap</b>				<b>225 931</b>	<b>225 931</b>
<b>Sum aksjar</b>				<b>227 056</b>	<b>226 996</b>

Bokført verdi på aksjane i Firdakraft er redusert med 143,174 mill. kr i høve kostpris. Hovudgrunnen til dette er reallokering av 129,6 mill. kr frå aksjeposten til fallrett i balansen. Dette med bakgrunn i inngått forlik om fallrettane i Øksnelvane. Dessutan har SFE motteke utbytte på 13,6 mill. kr med bakgrunn i optente resultat i Firdakraft før SFE vart eigar.

Balansført verdi på aksjepostane i Gloppen Energiverk og Firdanett er auka i høve kostpris med konsernbidrag selskapa har motteke. Stemmerett i dotterselskap og tilknytt selskap er i samsvar med eigardel.

### Konsern

Beløp i 1000 kr	Eigardel SFE	Anskaff. kostnad	Balansført verdi	Marknadsverdi
Norsk Energiverk Forsikring AS	1,2%	500	500	440
Andre selskap	3-14,3%	1015	845	845
<b>Sum andre aksjar</b>			<b>1 345</b>	<b>1 285</b>

<b>Tilknytt selskap i konsernet:</b>	<b>Fossheim Energiverk AS</b>
Anskaffelseskost	4 983
Balanseført EK på kjøpstidspunktet	3 211
Meirverdi	1 772
Inngående balanse 01.01.	4 425
Tilgang i året	0
Andel årets resultat	÷ 230
Avskrivning på meirverdiar	÷ 61
Utgående balanse	4 134
<b>Eigarandel</b>	<b>30%</b>

### 11. Utlån/Langsiktige fordringar

Beløp i 1000 kr	Mor		Konsern	
	31.12.02	01.01.02	31.12.02	01.01.02
Naturressursskatt til motrekning				
i overskottsskatt	135	7 745	135	7 745
Leigeavtale kraftstasjonar	39 590	42 840	39 590	42 840
Fordring Ytre Fjordane Kraftlag AS	73 583	0	73 583	0
Andre langsiktige fordringar	2	6	4	52
<b>Sum utlån/langsiktige fordringar</b>	<b>113 310</b>	<b>50 591</b>	<b>113 312</b>	<b>50 637</b>

Naturressursskatten skal i seinare år motreknast i SFE sin overskottsskatt. Naturressursskatten er balanseført som ei langsiktig fordring.

SFE har betalt 65 mill. kr i forskot for å leige Gloppen kommune sine kraftstasjonar i Gloppen-elva i 20 år frå 01.01.95. Forskotet er balanseført som ei langsiktig fordring. 1/20 av leigesummen vert kostnadsført som årleg driftskostnad.

### 12. Mellomverande mellom selskap i same konsern

Beløp i 1000 kr	Kundefordringar	kortsiktige fordr.	Utlån
Foretak i same konsern	57	27 665	78 834
<b>Sum</b>	<b>57</b>	<b>27 665</b>	<b>78 834</b>

Beløp i 1000 kr	Leverandørgjeld	Anna kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Foretak i same konsern	0	484	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>484</b>	<b>0</b>

### 13. Andre kortsiktige krav

Fordringar med forfall seinare enn eitt år:

Beløp i 1000 kr	Mor		Konsern	
	31.12.02	01.01.02	31.12.02	01.01.02
Driftskonto hos Statkraft	1 114	1 114	1 114	1 114
Periodiseringar	2 424	4 227	2 424	4 227
<b>Sum</b>	<b>3 538</b>	<b>5 341</b>	<b>3 538</b>	<b>5 341</b>

### 14. Marknadsbaserte finansplasseringar


Beløp i 1000 kr	Kjøpsverdi	Pålydande valuta	Bokført verdi	Marknadsverdi
Renteberande sertifikat/obligasjonar	136 207	NOK	135 416	135 416
Aksjeindekserte obligasjonar	6 000	NOK	5 285	5 285
Grunnfondsbevis	2 242	NOK	1 602	1 602
<b>Sum</b>	<b>144 449</b>		<b>142 303</b>	<b>142 303</b>

Det er brukt porteføljepriussipp ved vurdering av finansplasseringane, som er bokførte til marknadsverdi. Det urealiserte tapet i verdipapirportefølja hadde auka frå 1,0 mill 31.12.2001 til 2,1 mill 31.12.2002.

### 15. Bank, post

Posten er samansett slik:	Mor		Konsern	
	31.12.02	01.01.02	31.12.02	01.01.02
Beløp i 1000 kr				
Forskotstrekk	2 169	1 711	2 746	2 211
Bankinnskot depotkto.	41 877	3 630	41 877	3 630
Øvrige bankkonti	11 193	÷ 2 827	46 750	15 474
<b>Sum</b>	<b>55 239</b>	<b>2 514</b>	<b>91 373</b>	<b>21 315</b>

Av dette er kr 2.169.000 bundne skattetrekksmidlar for mor og kr 2.746.000 for konsernet. På depotkonto til mor er kr 41.9 mill. kr bunde til fordel for Nord Pool.



## 16. Eigenkapital

### Mor

Eigenkapitalen er endra slik frå 31.12. 2001 til 31.12. 2002:

Beløp i 1000 kr	Aksje- kapital	Overkurs- fond	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.2001	142 455	593 411	108 308	844 174
Implementering av pensjonsstandard	0	0	÷ 11 212	÷ 11 212
Reallokering av verdier Firdakraft	0	0	÷ 36 288	÷ 36 288
Eigenkapital 01.01.2002	142 455	593 411	60 808	796 674
Overført frå annan eigenkapital	0	0	÷ 2 071	÷ 2 071
<b>Eigenkapital 31.12.2002</b>	<b>142 455</b>	<b>593 411</b>	<b>58 736</b>	<b>794 602</b>

SFE har implementert pensjonsstandarden frå 2002. Netto pensjonsforpliktning som oppstod er ført direkte mot eigenkapital. Ved kjøp av selskapet Firdakraft i 2000 vart heile kjøpe-summen ført opp som aksjepost i SFE sin selskapsrekneskap. Seinare er det konkludert med at dette ikkje er korrekt og 01.01.2002 er det gjort ei reallokering av 129,6 mill frå aksjeposten til fallrett under varige driftsmiddel. Utsett skatt effekt av den nedjusterte verdien på aksjeposten er ikkje balanseført. Følgeleg er eigenkapitalen redusert med skatteeffekten av reallokeringa.

### Konsern

Beløp i 1000 kr	Aksje- kapital	Overkurs- fond	Annan eigenkapital	Minoritet- interesser	Sum
Eigenkapital 31.12.2001	142 455	593 411	91 968	108	827 942
Implementering av pensjonsstandard	0	0	÷ 12 587	0	÷ 12 587
Reallokering av verdier Firdakraft	0	0	÷ 25 447	0	÷ 25 447
Eigenkapital 01.01.2002	142 455	593 411	53 934	108	789 908
Årets resultat	0	0	58 476	÷ 19	58 457
Foreslege utbytte	0	0	÷ 50 500	0	÷ 50 500
<b>Eigenkapital 31.12.2002</b>	<b>142 455</b>	<b>593 411</b>	<b>61 910</b>	<b>89</b>	<b>797 865</b>

## 17. Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjonærer 31.12.2002	A-Aksjar	B-Aksjar	Sum aksjar	Sum pålydande	Eigarandel
Sogn og Fjordane fylkeskommune	54 197	26 694	80 891	80 891	56,8%
Bergenhalvøens Kommunale Kraftselskap AS	37 466	18 454	55 920	55 920	39,2%
Gloppen kommune	3 781	1 863	5 644	5 644	4,0%
<b>Totalt</b>	<b>95 444</b>	<b>47 011</b>	<b>142 455</b>	<b>142 455</b>	<b>100,0%</b>

A-aksjane kan berre eigast av aktørar som kan definerast som offentlege etter industrikonsesjonslova.

## 18. Pensjonskostnader og –forpliktingar

SFE si pensjonsordning omfattar i alt 101 personar for morselskapet og 107 personar for konsernet.

SFE er medlem i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). Norsk RekneskapsStiftelse har slege fast at pensjonsordninga i KLP skal handsamast som «Multiemployer plans». Utviklinga i internasjonale rekneskapsstandardar har gått i retning av at «Multiemployer plans» stort sett vert rekneskapsført i tråd med reglar som gjeld for ytelsesplanar med balanseføring av pensjonsforpliktning eller pensjonsmidlar og kostnadsføring av perioden si opptening. KLP har berekna pensjonsforpliktingane i SFE i henhold til norsk rekneskapsstandard. For dei framtidige AFP-pensjonane vert det ikkje samla opp fond i KLP ettersom AFP ikkje er omfatta av forsikringsordninga. Rekneskapsmessig forpliktning og kostnader som følge av AFP inngår likevel i berekningane. SFE har innarbeida pensjonsforpliktinga i balansen pr 01.01.2002.

### Følgande forutsetningar er brukt i berekningane:

Årleg avkastning	7,0%
Diskonteringsrente	6,0%
Årleg lønsvekst	3,5%
Årleg vekst G-beløp	3,5%

### Uttaksandel AFP pr aldersgruppe:

62 år	20%
63 år	30%
64 år	40%
65 år	50%
66 år	60%

**I aktuarberekninga er det lagt inn følgande prosentlar for frivillig avgang (turnover) for AFP**

Før 30 år	6 – 20%
31 – 45 år	1 – 4%
45 – 50 år	0 – 1%
over 50 år	0%

**Pensjonskostnad:**

Beløp i 1000 kr	Mor	Konsern
Årets pensjonsopptening	5 160	5 432
Rentekostnad	4 111	4 504
Avkastning pensjonsmidlar	3 675	4 014
<b>Netto pensjonskostnad</b>	<b>5 595</b>	<b>5 921</b>
Administrasjonskostnad	192	244
Arbeidsgj.avg.på endr.	÷ 62	÷ 53
Medlemsinnskot	÷ 622	÷ 653
<b>Total pensjonskostnad</b>	<b>5 104</b>	<b>5 461</b>

**Finansiell status:**

Beløp i 1000 kr	Mor		Konsern	
	31.12.02	01.01.02	31.12.02	01.01.02
Pensjonsforpliktning	71 477	64 509	78 308	70 892
Verdi av pensjonsmidlar	58 087	50 596	63 237	55 460
Netto forpliktning	13 389	13 913	15 032	15 470
Arbeidsgj.avg.netto forpliktning	1 597	1 660	1 770	1 824
<b>Netto forpliktning inkl avg.</b>	<b>14 987</b>	<b>15 573</b>	<b>16 803</b>	<b>17 296</b>



**19. Langsiktig gjeld**

**Mor**

VPS-nr.	Lånetype	Neste reg.	Oppr. pålydande	Aktuell rente %	Avdrag/ nedbetalt 2002	Restlån 01.01.02	Restlån 31.12.02
Beløp i 1000 kr							
138909	Reg. lån	22.06.05	30 000	7,0	2 000	20 000	18 000
139910	Reg. lån	20.03.03	58 000	6,25	2 900	24 650	21 750
138911	Reg. lån	28.06.03	110 000	6,75	1 120	11 370	10 250
138912	Put/Call	03.08.06	125 000	7,32	1 600	114 600	113 000
138914	Put/Call	15.03.04	140 000	5,15	3 070	123 860	120 790
138916	Put/Call	03.06.05	200 000	7,2	10 000	120 000	110 000
138917	Put/Call	03.09.08	140 000	5,8	8 230	98 760	90 530
138900	Put/Call	18.06.03	95 000	6,39	4 880	65 720	60 840
100403	Fastlån	20.12.04	65 000	6,7	0	65 000	65 000
138902	Put/Call	20.12.03	100 000	7,55	6 660	59 940	53 280
Behaldning verdipapir i egne lån						÷ 38 241	÷ 86 950
<b>SUM OBLIGASJONSLÅN</b>						<b>665 659</b>	<b>576 490</b>
Banklån	Fastlån	05.03.03	33 000	7,36	1 650	24 750	23 100
Trekkrett						0	50 000
<b>SUM LÅN</b>						<b>690 409</b>	<b>649 590</b>
<b>ELSAM-avtalen</b>						<b>40 360</b>	<b>38 291</b>
<b>Kapitaliserte verdjar ikkje utbygde vassdrag</b>						<b>14 300</b>	<b>14 300</b>
<b>SUM LANGSIKTIG GJELD (eksl. utsett skatt)</b>						<b>745 069</b>	<b>702 181</b>

Sogn og Fjordane fylkeskommune har stilt sjølvskyldnergaranti for alle lån pr. 31.12.02 med unntak for brukt trekkrett.

**KONSERN**

I tillegg til langsiktig gjeld i morselskapet har konsernet obligasjonslån som spesifisert under:

VPS-nr.	Lånetype	Neste reg.	Oppr. pålydande	Aktuell rente %	Avdrag/ nedbetalt 2002	Restlån 01.01.02	Restlån 31.12.02
Beløp i 1000 kr							
118051	Reg. lån	ingen	20 000	5 625	1 180	2 360	1 180
Behaldning verdipapir i egne lån						÷ 30	÷ 10
<b>SUM OBLIGASJONSLÅN</b>					<b>1 180</b>	<b>2 330</b>	<b>1 170</b>

**MOR OG KONSERN**

Gjeld som har forfall meir enn fem år etter avslutning av rekneskapsåret:

Beløp i 1000 kr	31.12.02	01.01.02
Obligasjonslån	378 825	423 885
Gjeld til kredittinstitusjonar	14 850	16 500
Øvrig langsiktig gjeld	41 721	43 790
<b>SUM LANGSIKTIG GJELD</b>	<b>435 396</b>	<b>484 175</b>

Utbetalt forskotsbeløp knytt til ELSAM-avtalen er ført opp i balansen under langsiktig gjeld. Beløpet pr. 31.12.02 er 38,2 mill.kr. Forskotsbeløpet vert inntektsført med 1/25 pr år frå 1995.



Under langsiktig gjeld inngår kapitalisert verdi på evigvarande godtgjersler knytt til ikkje utbygde vassdrag. Ved ei diskonteringsrente på 7% blir dei kapitaliserte verdiane slik:

<i>Beløp i 1000 kr</i>	<b>Kapitalisert verdi</b>	<b>Status prosjekt</b>	<b>Rekneskaps-handsaming</b>
Gaular	8 800	Verna	Kostnadsføring
Gjengedal	5 500	Prosjektering	Kostnadsføring

## 20. Pantsetjingar og garantiar

**Bokført gjeld som er sikra med pant:**

<i>Beløp i 1000 kr</i>	<b>Mor</b>		<b>Konsern</b>	
	<b>31.12.02</b>	<b>01.01.02</b>	<b>31.12.02</b>	<b>01.01.02</b>
Obligasjonslån	576 490	665 659	577 670	667 989
Banklån	73 100	24 750	73 100	24 750
<b>Sum</b>	<b>649 590</b>	<b>690 409</b>	<b>650 770</b>	<b>692 739</b>

**Bokført verdi av eignelutar som er stilt som tryggleik for bokført gjeld:**

<i>Beløp i 1000 kr</i>	<b>Mor</b>		<b>Konsern</b>	
	<b>31.12.02</b>	<b>01.01.02</b>	<b>31.12.02</b>	<b>01.01.02</b>
Kraftstasjonar	732 419	758 850	797 427	969 353
Faste eigedommar	8 860	7 049	8 860	7 049
Overføringsanlegg	0	0	44 492	47 481
<b>Sum</b>	<b>741 279</b>	<b>765 899</b>	<b>850 779</b>	<b>1 004 871</b>

Firdakraft har eit garantiansvar overfor Fossheim Energiverk AS på nær 1,7 mill kr. Effektivt garantiansvar pr 31.12.2002 er kr 0.

## 21. Finansiell marknadsrisiko

Som kraftprodusent er SFE utsett for store svingingar i marknadsprisane på kraft. For å handtere og redusere denne risikoen har styret vedteke ein marknadsstrategi som tilseier at ein relativt stor andel av krafta skal vere seld for dei første åra. På denne måten vert SFE sitt årsresultat mindre utsett for svingingane i kraftprisane enn det som elles ville vore tilfelle. Det er etablert rutinar som sørger for at dei fastsette posisjonane vert overheldne. Produkt SFE handlar for å redusere risikoen er futures og forwards på Nord Pool og forwards i den bilaterale marknaden. I tillegg handlar SFE sals- og kjøpsopsjonar for sikringsformål.

SFE har ein vedteken finansstrategi for å handtere risiko knytt til finansmarknaden. For innlåna er det definert reglar for durasjon og rentereguleringstidspunkt. Det er etablert rutiner som sørger for at dei vedtekne rammene vert heldne. Som sikringsinstrument nyttar SFE i tillegg derivat som swap-avtalar, renteopsjonar og F.R.A.-kontrakter. Ein relativt stor andel av låneportefølja har lang rentebinding. Selskapet er ikkje utsett for valutarisiko gjennom låneportefølja. Overskotslikviditet vert plassert hovudsakleg i rentebærande papir med kort rentebinding.

## 22. Datterselskap

**Det er følgande datterselskap i SFE konsernet.**

<b>Selskapsnamn</b>	<b>Forretningskontor</b>	<b>SFE sin eigardel</b>
Firdakraft AS	Sandane	100%
Gloppen Energiverk AS	Sandane	100%
Firdanett AS	Sandane	97%
Sogn og Fjordane Nett AS	Sandane	100%
Sogn og Fjordane Kraft AS	Sandane	100%

Firdakraft er eigar av regionalnett og Øksnelvane kraftstasjon. Gloppen Energiverk er eigar av distribusjonsnett, medan Firdanett er breibandselskapet i konsernet. I Sogn og Fjordane Nett og Sogn og Fjordane Kraft har det ikkje vore aktivitet i 2002.

Dotterselskapa med aktivitet hadde slike rekneskapstal for 2002:

	Resultatrekneskap		
	Firdakraft	Gloppen Energiverk	Firdanett
<i>Beløpet i 1000 kr</i>			
Sum driftsinntekter	63 467	28 066	1 916
Sum driftskostnader	37 901	21 807	2 814
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>25 565</b>	<b>6 259</b>	<b>÷ 898</b>
Finansinntekter	1 807	1 580	34
Finanskostnader	5 103	3 089	0
<b>ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATT</b>	<b>22 269</b>	<b>4 750</b>	<b>864</b>
Skattekostnad	6 519	314	÷ 241
<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b>15 750</b>	<b>4 436</b>	<b>÷ 623</b>

	Firdakraft		Gloppen Energiverk		Firdanett	
	31.12.02	01.01.02	31.12.02	01.01.02	31.12.02	01.01.02
<i>Beløp i 1000 kr</i>						
Sum anleggsmiddel	134 765	134 732	47 138	46 297	2 654	2 838
Sum omløpsmiddel	36 019	28 323	25 011	22 301	1 033	2 167
<b>SUM EIGNELUTAR</b>	<b>170 785</b>	<b>163 055</b>	<b>72 149</b>	<b>68 598</b>	<b>3 687</b>	<b>5 005</b>
Sum egenkapital	91 549	76 524	32 224	8 365	3 164	3 587
Sum langsiktig gjeld	62 051	62 164	19 001	39 000	128	106
Sum kortsiktig gjeld	17 185	24 367	20 282	21 233	396	1 312
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>170 785</b>	<b>163 055</b>	<b>72 149</b>	<b>68 598</b>	<b>3 687</b>	<b>5 005</b>

## Resultat pr. resultateining 2002

Morselskapet	Konkurransen-	Monopol	Interne	Totalt
<i>Beløp i 1000 kr</i>	utsett		postar	
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>				
Sal av energi	273 852	0	÷ 16 243	257 609
Sal av overføringstenester	828	39 880	÷ 2 137	38 571
Andre inntekter	39 697	5 289	0	44 986
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>314 377</b>	<b>45 169</b>	<b>÷ 18 380</b>	<b>341 166</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>				
Kjøp av energi	101 852	0	÷ 15 375	86 477
Nettap	0	868	÷ 868	0
Kjøp av overføringstenester	2 794	12 532	÷ 2 137	13 189
Personalkostnader	38 848	7 823		46 671
Andre driftskostnader	26 334	6 759		33 093
Eigedomsskatt/avgifter	14 384	537		14 921
Avskrivninger	35 404	5 730		41 134
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>219 616</b>	<b>34 250</b>	<b>÷ 18 380</b>	<b>235 485</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>94 761</b>	<b>10 919</b>	<b>0</b>	<b>105 681</b>
<b>Kapitalgrunnlag nett inkl. 1% arb.kapital</b>		<b>72 859</b>		
<b>Avkastning</b>		<b>15,0%</b>		

## Bokført verdi på driftsmidler pr. resultateining

Morselskapet	Konkurransenutsett		Monopol		Totalt	
	01.01.02	31.12.02	01.01.02	31.12.02	01.01.02	31.12.02
<i>Beløp i 1000 kr</i>						
Anlegg under arbeid	2 767	1 063	13 565	2 170	16 332	3 233
Fallrett Øksenvane	129 600	126 586			129 600	126 586
Goodwill kundemasse	0	3 960				3 960
Kraftstasjoner	864 324	837 855	3 779	3 423	871 882	841 278
Produksjonrel. linjer/trafo	51 038	48 273			51 038	48 273
Sentralnett			4 913	19 245	4 913	19 245
Regionalnettsanlegg			29 069	26 564	29 069	26 564
Transportmidler	1 700	1 958	477	1 044	2 178	3 002
Inventar, verktøy, data anlegg	1 451	1 357	863	905	2 313	2 262
Bygninger	9 729	14 200	9 289	6 463	19 018	20 663
Tomtar	181	144	99	136	280	280
Andre driftsmidler	11 820	7 488	10 271	12 000	22 092	19 488
<b>Sum kapitalgrunnlag</b>	<b>1 072 610</b>	<b>1 042 884</b>	<b>72 325</b>	<b>71 950</b>	<b>1 144 936</b>	<b>1 114 834</b>
Snitt anleggsmiddel nett	72 138					
1% arb. Kapital	721					
<b>Kapitalgrunnlag nett</b>	<b>72 859</b>					

## Segmentrekneskap SFE konsern

<i>Beløp i 1000 kr</i>	Produksjon	Monopol	Sluttbruker	Breiband	Øvrig	Eliminering	Konsern
<b>Driftsinntekter</b>	279 170	83 659	16 143	1 916	2 779	÷ 31 406	352 262
<b>Driftskostnader</b>	169 415	65 187	16 323	2 452	2 202	÷ 31 406	224 174
<b>Driftsresultat</b>	109 755	18 472	÷ 180	÷ 535	577	0	128 088

# Nøkkeltal

Beløp i 1000 kr	2002	2001	2000	1999	1998	1997	1996	1995
<b>Omsetnad:</b>								
Driftsinntekter	<b>352 262</b>	348 196	354 624	366 938	306 720	409 209	454 863	512 487
<b>Resultat:</b>								
Driftsresultat	<b>128 088</b>	123 265	126 357	109 985	79 059	65 120	94 553	91 254
Netto driftsmargin	<b>36,4%</b>	35,4%	35,6%	30,0%	25,8%	15,9%	20,8%	17,8%
Resultat før ekstraordinære poster	<b>97 885</b>	78 917	81 090	73 076	26 241	13 084	37 577	25 437
Årsresultat	<b>58 457</b>	43 457	64 082	47 018	26 131	11 021	÷ 15 747	608
<b>Rentabilitet:</b>								
Totalrentabilitet	<b>8,0%</b>	8,2%	9,5%	9,1%	6,4%	5,0%	8,8%	8,8%
Eigenkapitalrentabilitet	<b>7,4%</b>	8,3%	21,9%	13,1%	8,2%	3,0%	35,2%	19,4%
<b>Investeringar:</b>	<b>22 508</b>	24 293	9 596	4 815	5 153	17 826	18 122	75 017
<b>Soliditet/kapitaltilhøve pr. 31.12.</b>								
Eigenkapitalandel	<b>43,7%</b>	47,8%	13,0%	27,9%	22,9%	22,3%	5,5%	7,0%
Likviditetsgrad 1	<b>1,2</b>	1,8	0,3	0,8	1,2	1,0	1,3	1,0
Rentedekningsgrad	<b>320%</b>	233%	236%	234%	141%	123%	161%	136%
<b>Personal:</b>								
Antal tilsette pr. 31.12.	<b>109</b>	116	98	77	81	86	84	84
Antal årsverk	<b>102</b>	106	89	70,4	73,8	78,7	76,2	75
<b>Produksjon/omsetnad:</b>								
Eigenproduksjon (GWh)	<b>1 273</b>	1 190	1 447	1 212	1 020	1 127	878	1 164

<b>Totalrentabilitet:</b>	viser avkastning før skatt på investert kapital.
<b>Totalrentabilitet:</b>	(Res. før ekstraord. poster + finanskostnader) * 100/ Gjennomsnittleg total kapital.
<b>Likviditetsgrad 1:</b>	viser høvet mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld.
<b>Eigenkapitalrentabilitet:</b>	(Res. før ekstraord. poster - skattekostnad * 100/Gjennomsn. eigenkapital
<b>Eigenkapitalandel:</b>	Eigenkapital * 100/Total kapital
<b>Rentedekningsgrad:</b>	Viser avkastning av kapitalen (før skatt) i høve til finanskostnadane.
<b>Rentedekningsgrad:</b>	(Res.før ekstraord. poster + Finanskostnader) * 100/ Finanskostnader.

Nøkkeltala før år 2000 gjeld morselskapet SFE, medan tala for 2000, 2001 og 2002 gjeld konsernet.

Til generalforsamlinga i

## **SOGN OG FJORDANE ENERGI AS**

### **REVISJONSMELDING FOR 2002**

Vi har revidert årsrekneskapen for SOGN OG FJORDANE ENERGI AS for rekneskapsåret 2002 som syner eit årsoverskot på kr 48.428.882,- for morselskapet og kr. 58.457.000,- for konsernet. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling, opplysningar i notar og konsernrekneskap. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formuen og rekneskaps- og intern kontrollsystema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- ♦ årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet og konsernet si økonomiske stilling 31. desember 2002 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- ♦ leinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk
- ♦ opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Sogndal, 25. mars 2003  
**Deloitte & Touche AS**



Knutt Bjørtun  
statsautorisert revisor

# Verdirekneskap SFE

Dette oppsettet syner kva verdiskaping det har vore i konsernet i 2002 og korleis desse har blitt fordelt på dei ulike interessegruppene i samfunnet.

Beløp i 1000 kr

<b>Driftsinntekter</b>	352 262	
÷ forbruk av innkjøpte varer / tenester	104 060	
= brutto verdiskaping i eiga verksemd		248 202
÷ kapitalslit (ordinære avskrivningar)	55 446	
= netto verdiskaping i eiga verksemd		192 756
+ finansinntekter	14 212	
= verdier til fordeling frå eiga verksemd		206 968
+ offentlege tilskot		0
= verdier til fordeling i alt		206 968

som er fordelt slik:

## Tilsette

brutto løn og sosiale ytingar	48 828	23,59%
-------------------------------	--------	--------

## Kapitalinnskyttarar

renter til kredittytarar	44 415	21,46%
kapitaluttak eigar	50 500	24,40%

## Stat, kommunar


skattar og avgifter	55 268	26,70%
---------------------	--------	--------

## Verksemda

tilført eigenkapital	7 957	3,84%
<b>206 968</b>		<b>100,00%</b>



FOTO: MALVIN HORNE





# Ytre Fjordane Kraftlag AS

## Styret si melding for 2002

### Resultatrekneskap

Driftsresultatet for 2002 vart 38,6 mill. kroner, noko som er det beste driftsresultatet i YFK AS sidan deliberaliseringa av energibransjen i 1991. Resultatet er betre enn budsjettmåla, og styret er nøgd med resultatet.

Året 2002 har vore eit godt driftsår for nettverksemda, og dette forretningsområdet gjev eit positivt tilskot til driftsresultatet er på 31,6 mill. kroner. Årsaka til resultatforbetringa innan nettverksemda er kombinasjonen av auka inntekter og kostnadsreduksjonar. Avkastninga for nettverksemda er på 11,1%, mens normal NVE-avkastning er definert til 8,48% for 2002.

Det vart produsert 63GWh i selskapet sine kraftstasjonar i 2002. Dette er noko mindre enn normalproduksjonen, og skuldast både driftsstansar og manglande tilsig. Høge kraftprisar, spesielt på slutten av året, meir enn kompenserte for redusert produksjonsvolum. Kraftproduksjonen gav eit positivt tilskot til driftsresultatet på 6,5 mill. kroner, dette gjev ei avkastning på 7,9% for dette forretningsområdet.

Marknaden for kraftsal vart også svært turbulent og vanskeleg i 2002, spesielt på slutten av året. Til tross for dette oppnådde forretningsområdet kraftsal eit positivt bidrag til driftsresultat på 1,2 mill. kroner.

Andre forretningsområde gav eit negativt tilskot på 0,6 mill. kroner til driftsresultatet. Selskapet sine aktivitetar innan arbeid for andre og breiband har begge vore positive, men årsaka til det negative driftsresultatet skuldast at sal av to nedlagde montørbasar åleine gav eit realisert tap på 1,0 mill. kroner.

Selskapet har netto finanskostnader på 7,0 mill. kroner i 2002. Selskapet sine finanskostnader har vore stigande dei siste åra, auken frå 2001 er på nesten 2 mill. kroner. Etter finanskostnader på 7,0 mill. kroner, får selskapet eit resultat før skattekostnad på 31,5 mill. kroner. Dette er 12,8 mill. kroner meir enn i 2001.

Skattekostnaden er på 8,7 mill. kroner, av dette utgjer grunnrenteskatt 0,5 mill. kroner. Ordinært resultat vert då 22,8 mill. kroner, 9,7 mill. kroner meir enn 2001.

Selskapet hadde i 2001 ei uavklara skattesak om skatt på sal av Firdakraftaksjane. På slutten av 2001 kom den naudsynte endringa i skattelova som gav lik handsaming av direkte offentleg eigarskap og indirekte offentleg eigarskap med omsyn på regulering av kostpris på aksjar i kraftselskap. På bakgrunn av lovendringa vart det gjort ei forsiktig inntektsføring i 2001. Faktisk skatteoppgjer etter vedtak hos Fylkesskattekontoret, gav grunnlag for ytterlegare inntektsføring av 1,8 mill. kroner i 2002. Årsresultat for 2002 vert med det 24,6 mill. kroner.

Selskapet har for 2002 ein totalkapitalrentabilitet på 8,8%.

### Fortsatt drift

Årsrekneskapan er ført under føresetnad om fortsatt drift i alle delverksemdar. Alle delverksemdar inngår imidlertid i sammenslåinga mellom konsernet SFE og YFK med verknad frå 01.01.03.

### Kontantstraum og balanse

Det er investert for 29,4 mill. kroner i varige driftsmiddel pr. 31.12.2002. Av dette vart det investert for 7,9 mill. kroner i ny røyrgate for Skorge kraftstasjon og for samla 16,0 mill. kroner i nettanlegg.

Det er gjort eit vidare oppkjøp i selskapet Eid Energi AS, slik at selskapet etter dette vert 100% eigd av YFK AS. Det er også gjennomført retta emisjonar mot YFK AS i selskapa Vestnorsk Enøk AS, Eninvest AS og REN AS i løpet av 2002. Dei samla investeringane for YFK AS sine engasjement i andre selskap vert med dette på 26,4 mill. kroner i 2002.



I samband med fusjon mellom YFK AS og SFE AS har eigarane av YFK AS vedteke ekstra-ordinært utbytte i YFK AS på 76,5 mill. kroner. Det ekstraordinære utbyttet vert først utbetalt i februar 2003.

Sum eigenkapital ved utgangen av 2002 er 202,2 mill. kroner, som gir ein eigenkapitaldel på 40,1%.

I samband med fusjonen mellom YFK AS og SFE AS er det gjort ei restrukturering av portefølgja for den langsiktige gjelda. Sum langsiktig gjeld er 127,6 mill. kroner, ein reduksjon gjennom året på 2,5 mill. kroner. Pr. 31.12.2002 har YFK AS eit kassakreditttrekk på 16,6 mill. kroner.

Betalingsmidlane ha minka med 3,8 mill. kroner til 3,4 mill. kroner. I perioden er det betalt ut 20 mill. kroner i utbytte og 23,6 mill. kroner i ekstra reduksjon av ansvarleg lån. Av betalings-midlane er 3,0 mill. kroner bandlagde. Likviditetsgrad 1 pr. 31.12.2002 er 0,5.

## Disponering av årsresultatet

Selskapet sitt årsresultat er på kr 24.614.693,- etter skatt. Styret i SFE Produksjon AS vedtek å disponere YFK AS sitt årsresultat slik:

Utbytte til morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS	kr	4.083.456,-
Til fond for vurderingsforskjellar	kr	689.162,-
Til anna eigenkapital i		
SFE Produksjon AS	kr	19.842.075,-
Sum overført	kr	24.614.693,-

Utbyttet på kr 4.083.456,- tilsvarar YFK AS sitt perioderesultat frå tidspunktet då YFK-styret gjorde vedtak om fusjon, 14.10.2002, og fram til 31.12.2002.

## Organisasjon og personale.

Det har vore utført 77 årsverk i 2002, dette er 7 årsverk færre enn 2001. Ved utgangen av året var det 77 tilsette ved YFK AS, dette inkluderer 1 engasjement, 2 vikariat og 4 lærlingar.

I 2001 vart det sett i gang eit effektiviseringsprosjekt i YFK AS. Formålet med prosjektet er å få auka avkasting i selskapet. Prosjekt har hovudfokus på nettverksemda, men prosjektet har effekt på alle selskapet sine aktiviteter. Prosjektet strekte seg også inn i 2002, og ein ser klare økonomiske resultat av prosjektet.



Det vart innført bonusordning for dei tilsette i YFK AS i 2002. Bonusordninga vart positivt motteken av dei tilsette med 17.400 pr. person ved full stillingsdel. Bonusordninga er knytt til totalrentabiliteten i selskapet, og utbetalinga er lik for alle tilsette i selskapet.

## Helse, miljø og tryggleik

Arbeidsmiljøet i YFK AS må karakteriserast som godt. Det er ein god og open kommunikasjon mellom administrasjonen, dei tilsette og dei tilsette sine organisasjonar.

Fokuset på gode rutinar og avvikshandtering som vart starta i 2001 har fortsett i 2002. I 2002 har det vore registrert 1 arbeidsulukke med sjukefråvær, 4 ulukker utan fråvær og 13 avvik/uønska hendingar.

YFK AS er tilslutta bedriftshelseteneste for alle tilsette. Sjukefråværet for 2002 var på 3,5%, uendra i forhold til 2001.

## Ytre miljø


Produksjon av vasskraft som YFK AS har i ein mindre målestokk, er ein rein og fornybar ressurs utan utslepp som fører til forureining av det ytre miljø. Framføring av nye kraftlinjer og ombygging av eldre linjer vert alltid planlagt og utført på ein måte som tek vare på det ytre miljø i størst mogeleg grad. Bedrifta har kjeldesortering av avfall i samsvar med regelverket.

## Strategi og framtidsutsikter

2002 har vore eit aktiv år i forhold til strukturendringar i regionen. I løpet av 2002 vart selskapet Eid Energi AS eit 100% eigd dotterselskapet av YFK AS, og på slutten av året vart det vedteke å fusjonere YFK AS inn i eit nytt kraft-konsern i regionen saman med SFE AS.

Det nye konsernet vert oppretta frå 01.01.2003, men mange førebuingar og tilpassingar mellom YFK AS og SFE AS vart gjort på slutten av 2002. I det nye SFE-konsernet vil ein få ein struktur med morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei heileigde dotterselskapa SFE Nett AS, SFE Kraft AS og SFE Produksjon AS. Nettselskapet i konsernet vil vere lokalisert til Florø. Konsernet består elles også av breibandselskapet Firdanett AS.

SFE-konsernet får omlag 200 tilsette, ei omsetning på 500 mill. kroner og ein eigenkapital på nærare 1.200 mill. kroner. Konsernet vert den største energileverandøren i Sogn og Fjordane og mellom dei store kraftselskapa på Vestlandet.



YFK AS, SFE AS og Sunnfjord Energi AS har også gjort ei utgreiing av distribusjon av gass i regionen saman med Naturgass Vest AS. Eventuelt vedtak om å gå inn i distribusjon av gass i regionen vil bli drøfta vidare i 2003.

## Utfordringar i 2003

Som ein del av eit nytt konsern er det mange og store utfordringar i 2003. Ny organisasjonsmodell skal implementerast, grensesnitt mellom selskapa må definerast og nye prosedyrar og dataverktøy vil bli tekne i bruk. Det er ein klar forventing om at fusjonen skal gje eit samla betre økonomisk resultat enn kva selskapa kunne oppnå kvar for seg. Ein vesentleg utfordring vert derfor å skape gode økonomiske resultat.

## Nestleiar Kolbjørn Dyrli sin bortgang

Etter ei kort periode med sjukdom, gjekk Kolbjørn Dyrli bort 24.11.2002. Kolbjørn Dyrli var ein svært aktiv styremedlem, spesielt var han oppteken av den lokale

forankringa og utvikling av selskapet i eit regionalt perspektiv. I Kolbjørn Dyrli sin bortgang, har YFK AS derfor mista ein aktiv og god styremedlem for selskapet.

## Avlegging av årsmeldinga

I fusjonen mellom YFK AS og SFE AS til det nye SFE-konsernet, er SFE Produksjon AS definert som det overtakande selskap for YFK AS. Styret i SFE Produksjon AS avlegg derfor årsrapport for YFK AS for 2002.

### I YFK-styret sat desse styremedlemmane i 2002:

Styreleiar Julius Fure  
Nestleiar Kolbjørn Dyrli  
Styremedlem Birger C. Schønberg  
Styremedlem Stein Torodd Helle  
Styremedlem Roar Førde  
Styremedlem Gunnar Vassbotten  
Styremedlem Vidar Solvang

Styret takkar dei tilsette for godt utført arbeid i 2002.

Sandane, 25. mars 2003  
I styret for SFE Produksjon AS:



Ole Schanke Eikum  
– styreleiar –



Ingolf Aagård  
– nestleiar –




Dag Smedbold



Oddmund Årdal



Ola Lingaas  
– adm. dir. –




# Resultatrekneskap 2002

(Tal i 1000 kr)

	Note	2002	2001
Kraftinntekter	3	92 534	74 118
Nettleieinntekter	3,4	113 166	109 149
Andre driftsinntekter	3	4 475	3 506
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>210 175</b>	<b>186 773</b>
Kraftkjøp		81 821	72 341
Nettleigekostnader		25 222	24 336
Lønskostnader	6,7	23 390	26 231
Avskrivning varige driftsmidler	8	22 297	21 213
Andre driftskostnader	6	18 859	18 799
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>171 590</b>	<b>162 920</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>38 585</b>	<b>23 853</b>
Andre rente- og finansinntekter		2 623	3 566
Inntekt investering i tilknytt selskap	10	1 559	93
Andre rente- og finanskostnader		÷ 11 228	÷ 8 787
<b>RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>31 539</b>	<b>18 725</b>
Skattekostnad	14	8 690	5 608
<b>ORDINÆRT RESULTAT</b>		<b>22 848</b>	<b>13 117</b>
Ekstraordinær inntekt			
Skattekostnad på ekstraord. resultat	2	÷ 1 766	÷ 13 400
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>24 615</b>	<b>26 517</b>
<b>Overføringer</b>			
Utbytte til aksjonærene		4.084	20 000
Til fond for vurderingsforskjeller		689	
Til annen egenkapital		19.842	6 517
<b>SUM OVERFØRINGAR</b>		<b>24 615</b>	<b>26 517</b>

# Balanse 31.12.2002

<i>(Tal i 1000 kr)</i>	Note	31.12.02	31.12.01
Tomtar, bygningar og fast eigedom	8	38 188	40 289
Kraftverk	8	83 961	80 340
Kraftnett	8	238 448	235 560
Breibandanlegg	8	4 212	4 237
Transportmidlar, maskiner, inventar	8	5 798	5 030
<b>Sum varige driftsmidlar</b>		<b>370 607</b>	<b>365 456</b>
Investering i tilknytt selskap	10	49 824	23 697
Aksjar, lutar og andre fordringar	11	1 424	61
Andre fordringar		1 452	1 623
Sum finansielle anleggsmidlar		52 700	25 381
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>423 307</b>	<b>390 837</b>
Kundefordringar		64 171	49 010
Mindreinntekt nettleige	4	7 314	6 255
Andre fordringar	9	1 386	13 470
Sum fordringar		72 871	68 735
Lager av materiell	5	4 393	6 148
Bankinnskot, kontantar og liknande		3 356	7 136
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>80 620</b>	<b>82 019</b>
<b>SUM EIGE</b>		<b>503 927</b>	<b>472 856</b>



# Gjeld og eigenkapital

(Tal i 1000 kr)

	Note	31.12.02	31.12.01
Aksjekapital (2 761 aksjar á NOK kr 47 265,-)	15	130 499	130 499
Overkursfond	15	61 907	61 907
Sum innskoten eigenkapital		192 405	192 405
Fond for vurderingsforskjellar	15	689	0
Annan opptent eigenkapital	15	9 101	65 750
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>202 195</b>	<b>258 155</b>
Pensjonsforpliktelser	7	13 610	14 919
Utsett skatt	14	2 584	2 194
<b>Sum avsetningar for plikter</b>		<b>16 194</b>	<b>17 113</b>
Pantelån	12	73 796	77 813
Ansvarleg lån	12	53 793	52 413
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>127 589</b>	<b>130 226</b>
Gjeld til kredittinstitusjonar	13	16 593	8 998
Leverandørgjeld		37 912	13 581
Betalbar skatt	14	8 118	4 000
Skuldig off. avgifter		10 395	12 902
Vedteke utbyte		80 574	20 000
Meirinntekt nettleige	4	0	454
Anna kortsiktig gjeld		4 357	7 428
Sum kortsiktig gjeld		157 950	67 363
<b>Sum gjeld</b>		<b>301 732</b>	<b>214 702</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>503 927</b>	<b>472 856</b>

Sandane, 25 mars 2003:

  
Ole Schanke Eikum  
– styreleiar –

  
Ingolf Aagård  
– nestleiar –

  
Dag Smedbold

  
Oddmund Årdal

  
Ola Lingaas  
– adm. dir. –

# Kontantstraumanalyse

(Tal i 1000 kr) (+ = likviditetstilførsel, ÷ = likviditetsbruk)

	2002	2001
<b>LIKVIDAR TILFØRT FRÅ VERKSEMDA</b>		
Overskot før skattekostnad	31 539	18 725
Inntekt investering i tilknytt selskap	÷ 1 559	÷ 93
Tap/gevinst ved sal av anleggsmidler	1 017	÷ 11
Ordinære avskrivningar	22 297	21 213
Periodens betalte skatt	÷ 4 183	÷ 38 449
<b>Tilført frå drifta</b>	<b>49 112</b>	<b>1 386</b>
<b>LIKVIDAR BRUKT PÅ INVESTERINGAR</b>		
Nedgang i lager av materiell	1 755	320
Auke i kundefordringar	÷ 15 161	÷ 13 562
Nedgang i andre kortsiktige fordringar	12 792	÷ 3 586
Auke i leverandørgjeld	24 331	÷ 1 872
Effekt av pensjonskostnad/utbetaling	÷ 1 309	0
Nedgang i anna kortsiktig gjeld	÷ 6 031	÷ 27 737
Endring i arbeidskapitalposter	16 377	÷ 46 437
<b>Netto likviditetsauke ved drifta</b>	<b>A 65 489</b>	<b>÷ 45 051</b>
<b>LIKVIDAR BRUKT PÅ FINANSIERING</b>		
Investert i varige driftsmidler	÷ 29 317	÷ 31 549
Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel	863	22
Utbetalningar ved kjøp av aksjar	÷ 26 433	0
Mottatt utbytte	490	383
Utbetalningar utlån	171	÷ 104
Utbetalningar ved kjøp av andre investeringar	0	22 965
<b>Kontantstraum til investeringar</b>	<b>B ÷ 54 226</b>	<b>÷ 8 283</b>
<b>LIKVIDAR BRUKT PÅ FINANSIERING</b>		
Opptak langsiktige lån	98 796	60 000
Nedbetaling av langsiktig gjeld	÷ 101 433	÷ 26 885
Netto endring kassakreditt	7 595	8 998
Utbetaling av utbyte	÷ 20 000	÷ 30 000
<b>Nedbetaling av gjeld</b>	<b>C ÷ 15 042</b>	<b>12 113</b>
<b>NETTO AUKE I LIKVIDAR GJENNOM ÅRET</b>	<b>A+B+C ÷ 3 780</b>	<b>÷ 41 220</b>
Likvidar 1. januar	7 136	48 357
<b>LIKVIDER PR. 31. 12. 02</b>	<b>3 357</b>	<b>7 136</b>

# Rekneskapsprinsipp og notar til rekneskapan

## 1. Rekneskapsprinsipp

Rekneskapa er ført i samsvar med rekneskapslova av 1998 og er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar.

### Prinsippendringar

YFK har implementert balanseføring av pensjonsforpliktelse i 2002. Inngående balanse 2002 er omarbeidd.

### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld.

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Anleggsmidlar vurderast til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta å ikkje være av forbigående art. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Langsiktig gjeld blir ikkje skrivne opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld blir ikkje skrivne opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og forklarast nedanfor.

### Varige driftsmidlar

Utvidingar og forbetringar blir aktiverte. Aktiverte eigenarbeid er til sjølvkost. Sjølvkost inkluderer kostnader for planlegging og prosjektadministrasjon. Større investeringsprosjekt har påslag for kalkulatoriske byggelånsrenter. Som rentesats er nytta vår gjennomsnittrente på gjeld frå eksterne långevarar. Mottekne anleggstilskot er ført til direkte reduksjon av investeringa. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over venta økonomisk levetid.

### Aksjar og andelar i tilknytte selskap

Investeringar i tilknytte selskap er vurdert etter eigenkapitalmetoden.

### Varelager

Verdien av lagerført materiell for drift og vedlikehald er ført opp etter innkjøpskost. Oppføringa samsvarar med listepreis frå leverandør. I rekneskapet er det avsett kr 637.502 for ukurans.

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringar. I tillegg er det for andre kundefordringar avsett ein uspesifisert avsetning for å dekke forventta tap.

### Pensjonskostnader

Pensjonspliktene er berekna iht. retningslinjene i Norsk rekneskapsstandard for pensjonskostnader. Periodens netto pensjonskostnader er inkludert i løn og sosiale kostnader, og består av summen av periodens pensjonsopptening, rentekostnad på dei berekna pensjonspliktene redusert for forventta avkastning på pensjonsmidlane. Pensjonspliktene er berekna på grunnlag av langsiktige forventningar om framtidig diskonteringsrente, avkastning, lønsvest, inflasjon og pensjonsregulering. Overfinansierte ordningar er vurdert til å representere ein overfinansiering som i ettertid kan nyttiggjerast. I rekneskapet er opptening og plikter for alle ordningar sett under eitt. Spesifikasjon av finansiering er vist i note.

### Skatt – utsett skatt

Bedrifta står overfor tre typar skatt; naturressursskatt, grunnrenteskatt og ordinær skatt på overskot.

### Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein skatt uavhengig av overskot og reknast på grunnlag av det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste sju åra. Skattesatsen er satt til 1,3 øre/kWh for 2002.

Naturressursskatten kan utliknast mot skatt på overskot. Eventuell ikkje utlikna naturressursskatt kan avsetast med renter til seinare år, og kan balanseførast som forskotsbetalt skatt.

### Grunnrenteskatt

For kraftproduksjon må det svarast ein særskilt grunnrenteskatt.

Grunnrenteskatten utgjer 27%. Med utgangspunkt i det enkelte kraftverk blir salsinntekta rekna ut frå årets timesoppløyste spotmarknadspisar multiplisert med produksjon i dei tilhøyrande periodar, med unntak av konsesjonskraft og langsiktige kontrakter der ein nyttar faktiske prisar. Det blir ikkje gjort frådrag for gjeldsrenter. I staden blir det gjeve frådrag for ei friinntekt som blir rekna ut frå gjennomsnittlege skattemessige verdiar på driftsmidlane multiplisert med ei normrente. Normrenta blir fastsett årleg og er for rekneskapsåret 2002 10,5%. Gjennomsnittleg skattemessig verdi kraftstasjonar er 61,4 mill. kroner i 2002.

Grunnrenta reknast særskilt for kvart kraftverk. Grunnrenteinntekta vil vere sterkt stigande over kraftverket si levetid, fordi skattemessige avskrivningar og friinntekter blir redusert og fell etter kvart bort.

### Utsett skatt/utsett skattefordel

Utsett skatt og utsett skattefordel av inntektsskatt er rekna med utgangspunkt i midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige balanseverdiar. Alle utrekningar er gjort med basis i ein nominell skattesats på 28% for inntektsskatt og 27% for grunnrenteskatt

Eigedomsskatt er i rekneskapa handsama som driftskostnad.

### Kraftsalsinntekter

Forbrukssalet er i det vesentlege utmålt etter avlese og avrekna forbruk pr. balansedato. Standard-tariffkundane les sjølve av målarverdiene. Nokre små kundegrupper har avlesing og avrekning på sommertid. Det er nytta anslag for dei kraftmengdene desse kan ha teke ut innanfor rekneskapsåret 2002.

### Kraftkjøpskostnad

Kraftkjøpskostnad er periodisert pr. 31.12.2002.

### Vedlikehald

Vedlikehald blir kostnadsført etter påløpte kostnader. Det er ikkje kostnadsført avsetningar til periodisk vedlikehald.

### Kraftverksmagasin

Endring i magasininfylling frå årsstart til årsslutt vert ikkje rekneskapsført. Fyllingsgrad og vassreservar uttrykt i produserbar energi har utvikla seg slik:

Magasinbeholdning	31.12.02	31.12.01	31.12.00
Vassreserve som kraftmengde	15,8 GWh	23,0 GWh	14,9 GWh
Fyllingsgrad mot fulle magasin	57,0%	83,7%	54,5%

### Meir-/ mindre inntekt for nettleige

Vi viser mindreinntekt som fordringspost. Meirinntekt blir klassifisert som gjeldspost.

### Langsiktig gjeld

1. års avdrag på langsiktig gjeld er inkludert i langsiktig gjeld. Beløpet er spesifisert i note.

### Kraftportefølje

Dei framtidige bindingane i YFK AS sine kraftkontraktar er vurdert pr 31.12.02. Vurderingane omfattar selskapet sin risiko og resultatforventningar. Rekneskapsreglane regulerer ikkje eintydig rekneskapshandsaming av kraftkontraktar. Vår vurdering er difor gjort med utgangspunkt i dei generelle reglane for kontraktar.

## 2. Enkelt transaksjonar

Selskapet selte i 2000 ein aksjepost på 33,45% i Firdakraft AS. Aksjesalet medførte ein gevinst på 120,5 mill. kroner Etter forsiktig forretningsførsel avsette YFK AS 13,4 mill. kr ekstra for å møte ei eventuell auke i realisasjonsskatt utover det selskapet venta basert på oppregulert skattemessig kostverdi på aksjane.

Ved likninga for 2000 la likningskontoret til grunn aksjane sin inngangsverdi som skattemessig verdi. Vi har derfor klaga på likninga for 2000.

Den 21.12.2001 vart det ein lovendring i skattelova som medfører at oppregulert skattemessig verdi på slike aksjar kan leggest til grunn ved utrekning av realisasjonsskatt. Vi inntektsførte 13,4 mill. kr i 2001 i tilbakeføring av skattekostnad.

Faktisk skatteoppgjer medfører ei ytterlegare inntektsføring på 1,8 mill. kr.

## 3. Salsinntekter

### Pr. resultatområde:

Beløp i 1000 kr	
Nettdrift	112.947
+Periodisering nettleige	911
<b>Salsinntekt nettdrift</b>	<b>113.858</b>
Kraftomsetning	100.560
-Forbruksavg.til staten	
<b>Salsinntekt kraftomsetning</b>	<b>100.560</b>
Kraftproduksjon	12.906
Andre resultatområde	2.963
Interne elimineringsar	÷ 20.112
<b>Samla salsinntekter, periodisert</b>	<b>210.175</b>

### Geografisk fordeling:

Beløp i 1000 kr	
Eige konsesjonsområde	196.987
Sal utanom konsesjonsområde	13 188
<b>Samla salsinntekt</b>	<b>210.175</b>
<b>Driftsresultat</b>	
Nettdrift (monopolverksemd)	31 583
Konkurransesett drift	7 002
<b>Sum selskap</b>	<b>38 585</b>

Kraftproduksjon frå eigne verk blir nytta i YFK AS sin kraftomsetning. Driftsresultat vises derfor samla for konkurranseutsett drift.

## 4. Nettdrift, meir-/mindreinntekt, avkasting og avsetning

Periodisering og avsetning	Nettleige	Finans- kostnad	Finans- inntekt	Balanse- føring
Beløp i 1000 kr				
Oppsamla mindreinntekt 01.01.02				6 070
Rentesaldo				÷ 269
Balanseført mindreinntekt inkl. renter pr 1.1.02				5 801
÷ Korrigering mindreinntekt 2001				176
÷ Korrigering renter meirinntekt 2001				0
÷ Saldo mindreinntekt, Innkrevd i året	÷ 5.977			÷ 5.977
= Utestående mindreinntekt frå tidlegare år				0
+ Renteavsetning av meirinntekt 2002				0
÷ Renteavsetning av mindreinntekt			÷ 426	426
÷ Mindreinntekt opptent i året 2002	6 888			6 888
<b>= Sum rekneskapsført 31.12.02</b>	<b>911</b>		<b>÷ 426</b>	<b>7 314</b>

Meir-/mindreinntekt i året blir avsett i balansen som kortsiktig gjelds-/fordringspost. Dei påfølgjande år blir pengane gjort opp med nettkundane i form av reduserte/auka prisar. Rentekompensering går inn i utrekningane og oppgjera.

### Segmentinformasjon nettdrift

Beløp i 1000 kr	
Nettinntektsgrunnlag for 2002	81.233
Justert tilleten inntekt 2002	85.121
Mindreinntekt i 2002	3.888
Mindreinntekt KILE 2002	3.000
Driftsresultat	31.583
Grunnlag for kapitalavkasting	283.438
Avkasting i %	11,1%





Det er i tillegg inntektsført 0,198 mill. kroner på grunn av utvida inntektsramme for 1997 – 2001. Styresmaktene sette 8,48% som normal nett-avkastning for 2002.

Styresmaktene innførte i 2001 ei ordning med kvalitetsjustering av tilletten inntekt for nettdrifta (KILE). Kraft som ikkje kjem fram ved feilsituasjonar blir verdsett etter ein samfunnsøkonomisk pris. YFK AS er tildelt ei KILE-ramme på 9,316 mill. kroner. I 2002 er feil og avbrot i YFK AS-nettet innanfor denne ordninga prisa til 3,936 mill. kroner. Er kostnaden med feil og avbrot større enn KILE-ramma over tid, vil avviket medføre ein inntektsreduksjon for selskapet. Motsvarande situasjon vil kunne gi auka inntekter for selskapet.

YFK har i 2002 inntektsført 3,0 mill. kr av tildelt KILE-ramme for åra 2001-2002. Akkumulert mindreinntekt KILE-ordning som ikkje er bokført 31.12.2002 er etter dette 8,46 mill. kr . Det utgjør 90,84% av eit års KILE-ramme.

## 5. Varer

<i>Beløp i 1000 kr</i>	<b>31.12.02</b>	<b>31.12.01</b>
Ferdigvarer	5.030	6.820
÷ Avsetjing for ukurans	÷ 637	÷ 672
Bokført verdi ferdigvarer	4.393	6.148

## 6. Lønnskostnad, tilsette, godtgjeringar, lån til tilsette m.m.

Lønnskostnader omfattar følgjande postar:

<b>Lønnskostnader</b>	<b>2002</b>	<b>2001</b>
<i>Beløp i 1000 kr</i>		
Løn	16.915	17.523
Folketrygdavgift	3.145	3.121
Pensjonskostnader (sjå note 7)	1.871	4.229
Andre ytingar	1.459	1.358
<b>Sum</b>	<b>23.390</b>	<b>26.231</b>

Gjennomsnittlig sysselsetting 77 årsverk  
Antal tilsette pr 31.12. 79 personar

### Ytingar til leiande personar

<i>Beløp i 1000 kr</i>	<b>Direktør</b>	<b>Styret</b>
Løn	631	247
Pensjonsutgifter	32	0
Anna godtgjering	0	0
<b>Sum</b>	<b>663</b>	<b>247</b>

YFK AS har ingen forpliktingar utover ordinær oppseiingstid overfor adm.dir. Overfor styreleiar føreligg det ingen forpliktingar utover ordinært styrehonorar. Det er inngått avtaler mellom selskapet og tilsette (utanom direktør) om bonusordning for 2002.

### Lån og garantiar til fordel for:

<i>Beløp i 1000 kr</i>	<b>Lån</b>	<b>Garantiar</b>
Tilsette	1.452	0
Adm.dir, aksjeeigarar og medlemmer av styret	0	0
Nærstående til aksjeeigarar og medlemmer av styret	0	0

Lån tilsette har løpetid utover 1. år.

### Revisor

Utgiftsført revisjonshonorar for 2002 utgjør kr 110.000. Andre tenester utført av vårt revisjonsselskap utgjør kr 30.360. Deloitte & Touche Advokater DA har utført tenester for kr 650.642,88. Desse tenestene er i hovudsak juridisk due dilligence i forbindelse med fusjon mellom Ytre Fjordane Kraftlag AS og Sogn og Fjordane Energi AS.

## 7. Pensjonsplikter

Pensjonsansvaret er i dag dekkja gjennom pensjonsordning i Storebrand Livsforsikring AS. Årets pensjonsopptening og verdi av framtidige pensjonsplikter er berekna etter foreløpig Norsk rekneskapsstandard for pensjonskostnader (NRSP). For dei framtidige AFP-pensjonane vert det ikkje samla opp fond i pensjonsordninga ettersom AFP ikkje er omfatta av forsikringsordninga. Rekneskapsmessig forplikting og kostnader som følge av AFP inngår likevel i berekningane. YFK har innarbeida pensjonsforpliktinga i balansen pr. 01.01.2002.

Følgjande forutsetningar er brukt i berekningane:		Uttaksandel AFP pr. aldersgruppe
Årleg avkastning	7,0%	62 år – 20%
Diskonteringsrente	6,0%	63 år – 30%
Årleg lønsvekst	3,5%	64 år – 40%
Årleg vekst G-Beløp	3,5%	65 år – 50%
		66 år – 60%

**I aktuarberekninga er det lagt inn følgjande prosentar for frivillig avgang (turnover) for AFP:**

Før 30 år	6 – 20%
31 – 45 år	1 – 4%
45 – 50 år	0 – 1%
Over 50 år	0%

**Pensjonskostnad:**

Årleg pensjonsopptening:	1.765
Rentekostnad	3.143
Avkastning pensjonsmidlar	÷ 2.836
Netto pensjonskostnad	2.072
Arbeidsgjevaravg. endring	÷ 125
Tilskudd premie/premiefond	÷ 3.255
<b>Total pensjonskostnad</b>	<b>÷ 1.308</b>

Finansiell status	2001	2002
Pensjonsforpliktning	54.126	55.533
Verdi pensjonsmidlar	40.638	43.228
Netto forpliktning	13.488	12.305
Arb. avg. forpliktning	1.430	1.304
<b>Netto forpliktning</b>	<b>14.918</b>	<b>13.609</b>

## 8. Varige driftsmidlar

Bokførte verdier	Sum	Kjøretøy, maskiner, inventar	Kraft- stasjonar	Hovud- fordelings- anlegg	Fordelings- anlegg	Breiband anlegg	Fjern- styring Tariffapp	Bygningar, eigedomar
<i>Beløp i 1000 kr</i>	<b>balanse</b>							
Netto kjøpskostnader 01.01.02	<b>616.085</b>	17.331	116.667	96.029	308.214	4.435	23.868	49 541
Tilgang kjøpte driftsmidlar	<b>20.055</b>	3.345	7.856	÷ 61	6.884	102	1.301	628
Tilgang eigentilv. driftsmidl.	<b>9.324</b>			16	9.118	190		
Avgang til kjøpskost	<b>÷ 2.536</b>	÷ 23						÷ 2 513
Kapital pr. 31.12.	<b>642.928</b>	20.653	124.523	95.984	324.216	4.727	25.169	47 656
<b>Herav balanseførte lånekostnader</b>	<b>261</b>				<b>261</b>			
Samla avskrive 31.12.	<b>272.322</b>	14.808	40.562	46.664	144.909	515	15.349	9 515
Akk. nedskrivninger 31.12	<b>0</b>	0	0	0	0		0	0
Reverserte nedskrivn.31.12	<b>0</b>	0	0	0	0		0	0
Bokført verdi 31.12.	<b>370.606</b>	5.845	83.961	49.320	179.307	4.212	9.820	38 141
	<b>Resultat</b>							
Ordinære avskrivningar	<b>22.297</b>	2.576	4.235	2.741	9.946	317	1.637	845
Avskrivingsatts		6,7-33,3%	1,33-4%	2,9-4%	2,9-4%	6,7%	10%	2%

Selskapet har ingen balanseførte leigeavtaler pr 31.12.2002.

## 9. Andre fordringar

Under andre fordringar er det bokført kr 516.000,- som er forskuddsbetaling på vegne av SFE Kraft AS og relaterer seg til kjøp av kundar frå Kraftkompaniet Vest AS medio desember 2002.

## 10. Dotterselskap, tilknytte selskap m v

**YFK AS eig aksjar i:**

Firma	Kjøps-Tidspunkt	Forretnings-kontor	Eigardel stemmeandel
Eid Energi AS	01.12.99	Nordfjordeid	48,98
Eid Energi AS	28.02.02	Nordfjordeid	51,02

Investeringa rekneskapsførast etter eigenkapitalmetoden, sjå tabell på neste side.

<i>Beløp i 1000 kr</i>	<b>Eid Energi AS</b>
Kostpris, inkl. kjøpskostnader	49.134
Balanseført egenkapital på kjøpstidspunkt	40.825
Goodwill	8.309
<b>Inngående balanse 01.01.2002</b>	<b>23.697</b>
Herav uavskrive goodwill	2.671
Andel årets resultat (estimat)	3.221
Avskrivning goodwill	÷ 1.662
Overføringer til/frå selskapet	÷ 490
Kjøpskostnader	25.058
<b>Utgående balanse 31.12.2002</b>	<b>49.824</b>

Frå 28.02.2002 er YFK AS formell eigar av 100% av aksjane i Eid Energi AS. Sidan YFK og Eid Energi AS fusjonerer med Sogn og Fjordane Energi AS frå 01.01.2003, er eigartida av Eid Energi AS så kort at ein vel å behandle dette eigarskapet etter eigenkapitalmetoden.

## 11. Aksjar i andre selskap

Ved årsslutt har vi desse aksjane:

<b>Selskap</b>	<b>Kjøpskost</b>	<b>Aksjetal</b>	<b>Pålydande totalt kr</b>	<b>Totale aksjekapital</b>	<b>Vår eigardel, %</b>	<b>Bokført verdi</b>	<b>Vår eigardel, %</b>
<i>Beløp i 1000 kr</i>							
Vestnorsk Enøk	119	645	100	2.050	3,15%	119	3,15%
Eninvest AS	1.000	1.000	1.000	7.700	12,98%	1.000	12,98%
Ren AS	305	11	17	644	2,63%	305	2,63%
<b>Sum</b>	<b>1.424</b>					<b>1.424</b>	

Alle aksjane er oppført i balansen til kostverdi.

## 12. Langsiktig gjeld

<b>Restgjeld til långjevar</b>	<b>Rentereguleringsplan</b>	
<i>Beløp i 1000 kr</i>	<i>Beløp i 1000 kr</i>	
Lån frå Sogn og Fj. Energi AS	73.796	Regulering år 2003 49.000
Ansvarleg lån frå eigarane	53.793	Restgjeld bunden rente på ubestemt tid 4.793
<b>Sum lånegjeld</b>	<b>127.589</b>	<b>Sum restgjeld med rentebinding 53.793</b>

Gjennomsnittleg rente på lån til kredittinstitusjonar er 8,50%. Ansvarleg lån på NOK 4,8 mill vert tilbakebetalt 02.01.2003.

Det er ikkje avtalt noko plan for nedbetaling av langsiktig gjeld.

## 13. Pantetrygd og garantiar

Selskapet sin kassakreditt på 20 mill. kr er sikra med pant i YFK AS sine fordringar. Selskapet har nytta 16,593 mill kr av kassakreditten pr. årsskiftet.

## 14. Skatt

### Årets skattekostnad:

Utlikna inntektsskatt er rekna etter 28% av årets grunnlag for inntektsskatt. Selskapet har frådragsrett i inntektsskatten for utlikna naturressursskatt.

Etter dette blir skattekostnaden på ordinært drift summen av betalbare skattar, og endring av balanseført utsett skatt gjennom inntektsåret.

<b>Spesifikasjon av skattekostnad</b>	<i>Beløp i 1000 kr</i>
Utlikna inntektsskatt for år 2002, 28% av grunnlag	7.589
÷ Utlikna naturressursskatt	÷ 880
<b>Betalbar inntektsskatt</b>	<b>= 6.709</b>
Betalbar naturressursskatt	880
Betalbar grunnrenteskatt	529
Endring utsett skatt	390
For lite avsett inntektsskatt tidl. år	182
<b>Sum skattekostnad ordinær drift</b>	<b>= 8.690</b>



**BETALBAR SKATT:**

Betalbar skatt i balansen	Beløp i 1000 kr
Inntektsskatt	6.709
Naturressursskatt	880
Grunnrenteskatt	529
<b>Betalbar skatt av ordinært resultat</b>	<b>= 8.118</b>

Årets grunnlag for inntektsskatt	Beløp i 1000 kr
Resultat før skattekostnad	31.539
Permanente skilnader	2 686
Endring midlertidige skilnader ordinært resultat	÷ 1.747
<b>Alminneleg inntekt, grunnlag for utlikning</b>	<b>= 27.105</b>

**MIDLERTIDIGE SKILNADER:**

Inntektsskatt, ordinært resultat Beløp i 1000 kr	Endring	2002		2001	
		Positive skilnader	Negative skilnader	Positive skilnader	Negative skilnader
Kundefordringer	÷ 1.066	102			964
Varelager	÷ 34		638		678
Avskrivingsbare anleggsmiddel	284		6.048		5.763
Avskrivbare kraftanlegg	1.568	19.326		20.894	
Gevinst- og tapskonto	649		792		143
Pensjonsforpliktelser	÷ 1.309		13.610		14.919
Andre avsetninger GRS	÷ 1.840		143		1.983
<b>Sum midlertidige skilnader</b>	<b>÷ 1.747</b>	<b>19.428</b>	<b>21.230</b>	<b>20.894</b>	<b>24.443</b>

**UTSETT SKATT:**

Selskapet har midlertidige skilnader mellom rekneskapsførte og skattemessig verdsette poster. Over tid vil skilnadene gå tilbake. Endringene vert rekneskapsførte i balansen, og påverkar årets skattekostnad. Poster som vedkjem inntektsskatt vert utrekna etter dagens skatteøre på 28%. Utsett grunnrenteskatt for kraftverka vert framrekna etter kalkulert framtidig skattesats for det einkilde kraftverket. Satsen varierer frå 0 – 24%.

Inntektsskatt på ordinært resultat Beløp i 1000 kr	Endring	2002		2001	
		Positive skilnader	Negative skilnader	Positive skilnader	Negative skilnader
Midlertidige skilnader, inntektsskatt	÷ 1.747	19.428	21.230	20.894	24.443
Godtgjeringsfrådrag til framføring					
Underskot til framføring					
Grunnlag for utsett inntektsskatt		19.428	21.230	20.894	24.443
Utsett inntektsskatt, 28% av grunnlag	411	5.439		5.850	
Utsett fordel inntektsskatt, 28%	÷ 900		5.944		6.844
Netto endring utsett grunnrenteskatt	99	3.087		3.186	
<b>Netto endring utsette skattar</b>	<b>390</b>				

**SÆRSKATTAR:****Naturressursskatt**

Produksjonsgjennomsnitt år 1996 – 2002 er 67.660.000 kWh. Skattesatsen er 1,3 øre. Utlikna naturressursskatt vert kr 880.000. Naturressursskatten kan trekkast i frå statens del av inntektsskatten. Overskytande utlikna naturressursskatt kan førast fram til seinare frådrag i same skatteøret.

**Grunnrenteskatt**

Grunnrenteinntekt ver rekna for kvart einskild kraftverk. 3 kraftverk får negativ grunnrenteinntekt med framføringsrett til frådrag i seinare år positive inntekt. Ved årsslutt kan i alt 24.300.000 framførast.

Øvre og Nedre Markevatn kraftverk får positiv grunnrenteinntekt på kr 2.011.000. Grunnrenteskatt vert utlikna med 27% på inntekt og utgjær kr 529.000.

**Grunnrenteinntekt pr kraftverk**

Beløp i 1000 kr	Sum kraftverk	Øvre Markevatn	Nedre Markevatn	Oslands-botten	Stongfjord	Skorge
<b>Årsproduksjon i MWh</b>	<b>64.193</b>	<b>22.446</b>	<b>9.942</b>	<b>12.980</b>	<b>13.602</b>	<b>5.163</b>
<b>Taksert inntekt etter spotpris</b>	<b>12.436</b>	<b>4.070</b>	<b>1.812</b>	<b>2.521</b>	<b>2.664</b>	<b>1.369</b>
Driftsutgifter	2.768	681	910	422	465	289
Avskrivning skattemessig	2.711	627	327	595	894	268
Friinntekt 10,5% av kapital	6.444	802	524	1.865	2.596	657
<b>Frådragssum</b>	<b>11.924</b>	<b>2.110</b>	<b>1.761</b>	<b>2.883</b>	<b>3.956</b>	<b>1.215</b>
Positiv gr.renteinntekt 2002	2.166	1.960	51			155
Negativ gr.renteinntekt 2002	÷ 1.654			÷ 362	÷ 1.292	
Negativ gr.renteinntekt frå 2001	÷ 22.801			÷ 8.140	÷ 13.714	÷ 947
Grunnrente til skatlegging i år	÷ 2.011	÷ 1.960	÷ 51			
<b>Oppsamla grunnrente, framføring</b>	<b>÷ 24 300</b>			<b>÷ 8.502</b>	<b>÷ 15.006</b>	<b>÷ 792</b>

## 15. Eigenkapital

<i>Beløp i 1000 kr</i>	Aksjekapital	Eigne aksjar	Overkursfond	Vurderings- skilnader	Annan EK	Sum
Sum eigenkapital 01.01.02	130.499		61.907		76.491	268.896
Implementering av pensjonskostnader					÷ 10.741	÷ 10.741
Ekstraordinært utbytte 2001					÷ 76.490	÷ 76.490
<b>Endring i eigenkapitalen i året:</b>						
Årsresultat (etter avsett utbytte)				689	19.841	20.530
<b>Eigenkapital 31.12.02</b>	<b>130.499</b>		<b>61.907</b>	<b>689</b>	<b>9.101</b>	<b>202.195</b>

## 16. Aksjekapital og aksjonærinformasjon

### Eigarstruktur 31.12.02:

	A-Aksjar	Eigardel	Del av stemmer
Askvoll Kommune	288	10,43%	10,43%
Bremanger Kommune	391	14,16%	14,16%
Eid Kommune	29	1,05%	1,05%
Flora Kommune	904	32,74%	32,74%
Naustdal Kommune	15	0,54%	0,54%
Selje Kommune	278	10,07%	10,07%
BKK AS	856	31,00%	31,00%
<b>Sum</b>	<b>2.761</b>	<b>100,00%</b>	<b>100,00%</b>

Aksjar og opsjonar eigd av medlemmer i styret og dagleg leiar: 0



# Nøkkeltal for YFK

## Hovudtal

(Tal i 1000 kr)

	2002	2001	2000
Sum netto driftsinntekter	210 175	186 773	147 404
Driftsresultat	38 585	23 853	14 949
Netto finanskostnader	7 046	5 128	242
Resultat før skattekostnad	31 539	18 725	14 707
Skattekostnad	8 690	5 608	4 142
Resultat etter skattekostnad	22 848	13 117	10 565
<b>Årsresultat</b>	<b>24 615</b>	<b>26 517</b>	<b>95 104</b>
Eigenkapital	202 195	258 155	262 379
Totalkapital i balansen	503 927	472 856	496 676
Brutto forbruk i eige nettområde	488 GWh	513 GWh	511 GWh
Kraftsal sluttbrukar	339 GWh	368 GWh	360 GWh
Marknadsdel eige forsyn.område	73%	79%	77%
Eigenproduksjon	63 GWh	59 GWh	72 GWh
Årsverk	77	84	84
NVE-rente nettdrift	8,48%	8,1%	7,7%
Avkastning nettdrift	11,1%	7,9%	6,8%

## Økonomiske nøkkeltal

	2002	2001	2000	1999
Eigenkapitalrentabilitet %	9,70	4,94	4,07	7,15
Totalkapitalrentabilitet %	8,76	5,68	4,97	6,78
Brutto driftsmargin %	28,97	24,13	21,72	19,14
Resultatmargin %	20,35	14,73	14,25	17,77
Eigenkapitalandel %	40,10	56,90	52,80	58,90
Likviditetsgrad 1	0,5	1,2	0,9	0,9

## Definisjonar

<b>Eigenkapitalrentabilitet:</b>	$\frac{\text{Resultat før ekstraord.postar} \div \text{Skattekostnad}}{\text{Gjennomsnittleg eigenkapital}}$
<b>Totalkapitalrentabilitet:</b>	$\frac{\text{Resultat før ekstraord.postar} + \text{Finanskostnader}}{\text{Gjennomsnittleg Totalkapital}}$
<b>Brutto driftsmargin:</b>	$\frac{\text{Driftsresultat} + \text{ordinære avskrivningar}}{\text{Netto driftsinntekter}}$
<b>Resultatmargin:</b>	$\frac{\text{Resultat før ekstraord.postar} + \text{Finanskostnader}}{\text{Netto driftsinntekter}}$
<b>Eigenkapitalandel:</b>	$\frac{\text{Eigenkapital}}{\text{Totalkapital}}$
<b>Likviditetsgrad:</b>	$\frac{\text{Omløpsmidlar}}{\text{Kortsiktig gjeld}}$

## Til generalforsamlinga i Ytre Fjordane Kraftlag AS

### REVISJONSMELDING FOR 2002

Vi har revidert årsrekneskapen for Ytre Fjordane Kraftlag AS for rekneskapsåret 2002 som syner eit årsoverskot på kr 24.614.693. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsoppstilling og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontrollsystema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2002 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Florø 25. mars 2003

DELOITTE & TOUCHE



Rune Norstrand Olsen  
statsautorisert revisor

# Verdirekneskap YFK

Dette oppsettet syner kva verdiskaping det har vore i konsernet i 2002 og korleis desse har blitt fordelt på dei ulike interessegruppene i samfunnet.

Beløp i 1000 kr

<b>Driftsinntekter</b>	210 175	
÷ forbruk av innkjøpte varer / tenester	125 051	
= brutto verdiskaping i eiga verksemd		85 124
÷ kapitalslit (ordinære avskrivningar)	22 297	
= netto verdiskaping i eiga verksemd		62 827
+ finansinntekter	4 182	
= verdjar til fordeling frå eiga verksemd		67 009
+ offentlege tilskot		0
= <b>verdjar til fordeling i alt</b>		<b>67 009</b>

som er fordelt slik:

## Tilsette

brutto løn og sosiale ytingar	23 390	34,91%
-------------------------------	--------	--------

## Kapitalinnskyttarar

renter til kredittytarar	11 228	16,76%
dekking av kostnader / kapitaluttak eigar	23 926	35,71%

## Stat, kommunar


skattar og avgifter	7 776	11,60%
---------------------	-------	--------

## Verksemda

tilført eigenkapital	689	1,03%
<b>67 009</b>		<b>100,00%</b>



FOTO: MALVIN HORNE



34,91%	brutto løn og sosiale ytingar
16,76%	renter til kredittytarar
35,71%	kapitaluttak eigar
11,60%	skattar og avgifter
1,03%	tilført eigenkapital

# Kraftfull og nyskapande med lokale røtter



GRAFISK PRODUKSJON: E. NATVIK PRENTEVERK AS – FOTO: OSKAR ANDERSEN

**SOGN OG FJORDANE ENERGI AS**  
6823 Sandane  
Tlf. 57 88 47 00 – Fax 57 88 47 01  
E-post: [post@sfe.no](mailto:post@sfe.no) – Internett: [www.sfe.no](http://www.sfe.no)